


St meld nr 14

(1997–98)

Om foreldremedverknad i grunnskolen



Innhold

1	Innleiing og samandrag	5	3.3.5	Oppsummering	25
1.1	Bakgrunnen for meldinga	5	3.4	Analyse av tilhøva i andre land	26
1.2	Samandrag	6	3.4.1	Nederland	26
			3.4.2	England	26
2	Samarbeidet mellom heimen og skolen i Noreg og andre land	8	3.4.3	Skottland	27
2.1	Om tilhøva i Noreg	8	3.4.4	Oppsummering	27
2.1.1	Den historiske utviklinga av samarbeidet mellom heimen og skolen ..	8	4	Viktige utviklingstrekk i samfunnet – konsekvensar for samarbeidet mellom heim og skole ...	28
2.1.2	Lov om grunnskolen med føresegner	9	4.1	Skolen og samfunnsmandatet	28
2.1.3	Lov om barn og foreldre	9	4.2	Foreldrerolla i opplæringa	28
2.1.4	Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen	10	4.3	Auka kompetansebehov og auka omstillingsevne	29
2.1.5	Lov om kommunar og fylkeskommunar	10	4.4	Endringar i samfunnet – større krav til skolen	30
2.1.6	Lov om forsøk i offentlig forvaltning	10	4.5	Oppsummering	30
2.1.7	Om internasjonale plikter	11	5	Drøfting av foreldreansvaret i høve til skolen	32
2.2	Om dei andre nordiske landa	11	6	Vidareutvikling av samarbeidet mellom heim og skole	33
2.2.1	Danmark	11	6.1	Grunnlag for samarbeidet	33
2.2.2	Sverige	12	6.2	Tilrådingar frå OECD	34
2.2.3	Finland	13	6.3	Samhandling på individnivå og klassenivå	34
2.2.4	Island	14	6.4	Samhandling på skolenivå	36
2.3	Aktuelle land utanom Norden	15	6.5	Samarbeid på kommunenivået og regionalt nivå	38
2.3.1	Nederland	15	6.6	Samarbeid på det nasjonale nivået ..	38
2.3.2	England	15	6.6.1	Oppnemning av FUG	38
2.3.3	Skottland	16	6.6.2	Organisering av FUG med sekretariat	39
2.4	Oppsummering	17	6.6.3	Alternative organisatoriske løysingar for FUG	39
3	Analyse av tilhøva i Noreg og andre land	19	7	Vidareutvikling av samarbeidet med einskildgrupper	40
3.1	Innleiing	19	7.1	Innleiing	40
3.2	Analyse av tilhøva i Noreg	19	7.2	Samhandling mellom foreldre til barn med særskilde behov og skolen	40
3.2.1	Samarbeidet mellom heimen, klassen og skolen	19	7.3	Samhandling mellom foreldre frå språklege minoritetar og skolen	41
3.2.2	Samarbeidet på skolenivå	20	8	Økonomiske og administrative konsekvensar	43
3.2.3	Foreldreengasjement på kommunenivå	23			
3.2.4	Foreldreengasjement på nasjonalt nivå	23			
3.2.5	Oppsummering	24			
3.3	Analyse av tilhøva i dei andre nordiske landa	24			
3.3.1	Danmark	24			
3.3.2	Sverige	25			
3.3.3	Finland	25			
3.3.4	Island	25			

St meld nr 14

(1997–98)

Om foreldremedverknad i grunnskolen

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 19. desember 1997, godkjend i statsråd same dagen.

1 Innleiing og samandrag

1.1 BAKGRUNNEN FOR MELDINGA

Foreldra har ansvaret for å oppsede sine egne barn og sørge for at dei får utdanning etter evne og føresetnader. For at foreldra skal kunne følgje opp dette ansvaret, er det nødvendig med eit godt samarbeid mellom heimen og skolen. Foreldra er ein viktig ressurs for skolen og heile oppvekstmiljøet som skolen er ein del av. Departementet legg med dette for første gong fram eit samla oversyn over og ein analyse av korleis samarbeidet fungerer både i Noreg og i andre land det er naturleg å samanlikne seg med. Det blir lagt særleg vekt på å sjå dette frå foreldra sin ståstad.

I lov om grunnskolen (grunnskolelova) av 13. juni 1969 nr. 24 vart det mellom anna lagt stor vekt på tiltak for å betre samarbeidet mellom heimen og skolen, og på å gje foreldra større innverknad på skolen. Etter at dette har vore praktisert i nærare tretti år, er det ønskeleg å gjere ei systematisk oppsummering av korleis samarbeidet har fungert. Det er og eit viktig tema i samband med dei utfordringane vi no står overfor i samarbeidet mellom heimen og skolen, til dømes:

- at 6-åringane tok til i skolen frå hausten 1997
- at det er fastsett eit nytt læreplanverk for heile grunnskolen, som legg større vekt på samarbeidet mellom heimen og skolen
- at føresegnene om elevvurdering og skolebasert vurdering, sette i verk 1. oktober 1997, mellom anna tek sikte på å fremje kontakten mellom heimen og skolen

I budsjettinnstillinga S nr 12 (1995–96) uttalte fleirtalet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen mellom anna:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Senterpartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og representanten Christiansen, viser til skolens formålsparagraf hvor samarbeidet mellom hjem og skole tillegges stor vekt. Understrekingen av samarbeidet med foreldrene er en konkretisering av foreldrerettens bærende idé om at det er foreldrene som har hovedansvaret for oppdragelse og opplæring. Skolen skal være en hjelp for foreldrene i denne oppgaven.

Flertallet viser til at en rekke forskningsrapporter fra flere land fremhever at økt engasjement mellom foreldrene er med på å skape et bedre læringsmiljø for elevene. Flertallet mener at foreldrene må gis medbestemmelse i skolen. Denne medbestemmelsen kan sikres på ulike måter. Graden av medbestemmelse avhenger både av hvor mye beslutningsmyndighet som er delegert til skolen, og hvordan beslutningsprosessen er på den enkelte skole. Flertallet er kjent med at det allerede i dag drives forsøk med betydelig foreldreinnflytelse i mange kommuner. Flertallet mener at det er naturlig å vurdere ulike modeller for foreldreinnflytelse i forbindelse med reformarbeidet i grunnskolen. Flertallet vil be om at det legges frem en egen sak for stortinget som systematiserer de erfaringer som er gjort i Norge og i andre land (med vekt på de nordiske land) for å fremme økt foreldreengasjement og sikre foreldrene medbestemmelse i skolen.»

Regjeringa varsla i St prp nr 1 (1996–97) at det var sett i gang arbeid med ei slik stortingsmelding.

Stortinget drøfta St meld nr 47 (1995–96) Om elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonalt vurderingssystem, 16. januar 1997, jf. Innst S nr 96 (1996–97), og gjorde mellom anna dette vedtaket:

«Stortinget ber regjeringen om å ta nødvendige skritt for å gjøre Foreldreutvalget for grunnskolen (FUG) til et organ uavhengig av departementet og komme tilbake med konkret forslag til oppnevningssmåter og organisering i forbindelse med statsbudsjettet for 1998.»

I St prp nr 1 (1997–98) er det sagt at den organisatoriske tilknytninga til FUG blir vurdert i denne meldinga.

Departementet har og merka seg merknadene frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om samarbeidet mellom heimen og skolen i Innst S nr 15 (1995–96) jfr St meld nr 29 (1994–1995) Om prinsipper og retningslinjer for ti-årig grunnskole – ny læreplan:

«Komiteen vil understreke skolens plikt til å tilrettelegge for et nært samarbeid med foreldrene eller foresatte. Dette samarbeidet skal omfatte både eget barn, klassen og det øvrige oppvekstmiljøet. Samarbeidet skal skje både gjennom uformell kontakt med det enkelte hjem og gjennom de formelle samarbeidsorganer ved den enkelte skole.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristelig Folkeparti, vil understreke betydningen av et godt samarbeid mellom hjem og skole. Det er ønskelig med mer foreldre- og elevinnflytelse innenfor rammene av nasjonalt lovverk og læreplaner. En vesentlig forutsetning for et godt samarbeid mellom hjem og skole er god informasjon til foreldrene.

Flertallet mener at samarbeidet mellom hjem og skole må bygge på dialog, og det må være et mål at det blir dialog med alle foreldre, ikke bare noen få spesielt interesserte. Dette innebærer at det også stilles noen forventninger til at foreldrene følger opp. En hensiktsmessig måte å utvikle dialog på er gjennom vurderingssystemet.»

1.2 SAMANDRAG

Meldinga tek for seg samarbeidet mellom heim og skole. I samsvar med budsjettinnstillinga S nr 12 (1995–96) frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen er det i meldinga lagt særleg vekt å gjere greie for røynsler i Noreg og i andre land for å fremje foreldreengasjement og sikre foreldra medverknad i *grunnskolen*.

I *kapittel 2* er hovudtrekk i skolesystemet i Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Island, Skottland, England og Nederland omtala. I tillegg er det teke med korleis foreldra sin medverknad er organiserte på ulike nivå. Det viser mellom anna at Noreg er det einaste landet der det i lov eller føresegner er slått fast at det bør vere *klassekontaktar*, at det skal vere eit *fellesorgan av alle foreldre* på skolen med eit arbeidsutval (FAU) og eit statleg rådgjevande foreldreutval. I dei fleste landa er det eit styre på skolen. Styret har etter lova avgjerdsrett i Danmark, Nederland og England. I Sverige er det vedteke ei forsøkslov som gjer det mogeleg, dersom skolen og kommunen ønskjer det. Berre i Danmark og i forsøkslova i Sverige har *foreldra fleirtalet* i eit styre med avgjerdsrett. Noreg er det einaste av desse landa der det ikkje er ein eller fleire nasjonale foreldreorganisasjonar, bygd på medlemskap og lokale kontingentar.

I *kapittel 3* er det analysert korleis samarbeidet mellom heimen og skolen fungerer i ulike land og foreldrerolla spesielt. Ulike forsøk for å vidareutvikle samarbeidet er særleg omtala.

Både omtalene og analysene er utforma i kontakt

med departement, forskingsmiljø og foreldreorganisasjonar i desse landa.

I vurderingane er det viktig å skilje mellom tiltak for å skape eit godt samarbeid og foreldreengasjement om utvikling av *eigne barn og klassen*, og tiltak for å auke foreldreengasjementet og foreldreinnverknaden *på styringa av skolen*. Norske undersøkingar viser at foreldra har stor interesse av det som skjer i skolen. Dei fleste seier dei er nøgde med informasjonen dei får frå skolen, og dei fleste meiner skolen lyttar til dei. Foreldra ønskjer samarbeid om eige barn og klassemiljøet på skolen. Forsøk viser og at foreldra er interesserte i samarbeid om innhaldet i faga dersom skolen legg opp til konkrete og aktive samarbeidsprosessar i eit inkluderande sosialt klima.

Evalueringar mellom foreldre til funksjonshemma barn viser at berre 40 prosent meiner dei har fått tilstrekkeleg med informasjon. Halvparten av elevane som får spesialundervisning, har fått utarbeidd ein individuell opplæringsplan. Berre 9 prosent av foreldra til desse elevane har vore med i arbeidet med planen.

Evalueringar av forsøk i Noreg viser at auka ansvar til eit styre eller eit samarbeidsutval og auka engasjement frå foreldra i dette organet *ikkje av seg sjølve* fører til at foreldra elles blir meir engasjerte. Korleis styret eller samarbeidsutvalet på skolen fungerer, synest å vere meir avhengig av dei *holdningane rektor* har til foreldra, enn av den formelle makta dette organet har.

Danmark og Noreg har tradisjonelt lagt stor vekt på desentralisering og på foreldreretten. På same måte som i Noreg meiner foreldra i Danmark at holdningane til rektor avgjer om «skolebestyrelsen» fungerer bra, jamvel om foreldra har fleirtalet. Foreldra i Danmark har gjennom styret innverknad på det daglege livet i skolen, men innverknaden blir mindre dess nærare ein kjem den konkrete undervisninga. Foreldra i styret har vanskar med å halde god kontakt og å skape engasjement hos dei andre foreldra. Interesse for val til skolestyret er redusert, og fleire foreldrerepresentantar trekkjer seg i perioden. Det tyder på at styret ikkje har fått den sentrale rolla i skolen som styresmaktene ønskjer.

I Nederland, England og Skottland blir det lagt stor vekt på fridommen til å velje skole, og større vekt på å kontrollere skolane enn i dei nordiske landa. Retten til å velje skole gjev ikkje i seg sjølve foreldra meir innverknad i skolen. Både i Nederland og England har styret på skolen formelt stort ansvar og mynde. Styre-medlemmene meiner styret i praksis har avgrensa makt, og at mykje er avhengig av rektor sine holdningar.

Det synest generelt å vere samanheng mellom det ansvaret styret har og foreldra sin *interesse* for å delta i styret. Men auka interesse for å delta i styrearbeidet fører ikkje i seg sjølve til meir engasjement mellom *andre* foreldre.

Foreldre frå språklege minoritetar tek ikkje så aktiv del i foreldreforeiningar og i styret på skolen. Det same gjer heller ikkje foreldre til funksjonshemma barn.

I *kap. 4* blir det vist til viktige utviklingstrekk i samfunnet og konsekvensar for samarbeidet mellom heim og skole. Både for det einskilde menneske og for heile samfunnet, vil utdanning, evna til livslang læring og omstilling vere nøkkelen til suksess. Fleire internasjonale undersøkingar viser at foreldra si positive interesse i læringa til barna har svært mykje å seie både for skolemotivasjon, for det utbyttet barna har av skolegangen og det vidare skolevalet. Foreldra har ut frå ansvaret for barnet, rett til å vere med og å påverke kva som skjer i skolen. Skolen har eit viktig samfunnsmandat i arbeidet med å utvikle toleranse, solidaritet, ytringsfridom og demokrati.

Grunnskolen skal vere ein skole for alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn og føresetnader. Gjennom mellom anna den 10-årige grunnskolen og det nye læreplanverket er det lagt til rette for at skolen skal kunne gje alle barn og unge opplæring tilpassa egne føresetnader og behova i samfunnet. For å få det til i praksis ute på kvar skole krevst det aktivt engasjement frå skoleeigaren, leiinga på skolen og dei tilsette. Skolen kan ikkje greie dette aleine. Utviklinga krev i aukande grad aktive elevar som blir gjorde meir ansvarleg for si eiga læring, og ein open og god dialog med foreldra, der skolen og heimen gjensidig støttar kvarandre.

I *kapittel 5* er det ei prinsipiell drøfting av det ansvaret foreldra har i skolen. Ut frå det samfunnsansvaret skolen har, meiner departementet det er viktig at skolen framleis er under ei demokratisk samfunnsstyring. I tillegg til den statlege styringa bør kommunane derfor trekkje opp klare rammer for det ansvaret dei gjev til skolane. Opplæringa er eit felles ansvar for fleire partar: kommunen, skolen, foreldra og elevane sjølve. Det bør og kome til uttrykk i styringa av skolen, slik at ikkje ein part til vanleg har fleirtalet aleine i det styrande organet på skolen.

Foreldra og lærarane møtest med ulike utgangspunkt og føresetnader. Læraren er den profesjonelle pedagogen, medan foreldra er dei som kjenner barnet sitt best. Det er i dette møtet, med ulike utgangspunkt og ståstader, at foreldra og skolen skal samarbeide til beste for barnet. Departementet vil framheve at det skal vere eit møte mellom skolen og *alle* foreldre, ikkje berre dei spesielt interesserte. Det er derfor viktig å leggje samarbeidet opp slik at alle kan og vil vere med.

I *kapittel 6* legg departementet fram tiltak for korleis ein kan og bør utvikle foreldreengasjementet vidare, likeins medverknaden til foreldra og samarbeidet mellom heimen og skolen på ulike nivå. Analysane av tilhøva i Noreg samanlikna med andre land viser at samarbeidssystemet som er gjeve gjennom lov og føresegner, gjev gode rammer for ein dialog mellom heimen og skolen. Utfordringa er å få systemet til å fungere i praksis i det daglege og for alle.

Departementet legg derfor til grunn at ein bør utvikle vidare dei *eksisterande* samhandlingsmønstra, slik at dei kan bli kvalitativt betre.

Departementet meiner det er særleg viktig å få til ein god dialog om den einskilde elev og klassen. Skolen, særleg ved rektor og klassestyrar, har ansvaret for å ta initiativet til dialogen. Skolen må vise at han ønskjer dialogen gjennom konkrete og praktiske handlingar. Samhandlinga bør både femne om klassemiljøet og opplegget for undervisninga.

Tilrådinga byggjer på gjeldande lover og føresegner. Det blir mellom anna tilrådd at:

- det blir satsa på god informasjon til foreldra, mellom anna ein «foreldreguide»
- det blir utvikla materiell for felles opplæring av klassestyrar og klassekontaktar
- skolane må leggje vekt på å få til ein god overgang mellom barnehagen og skolen
- systemet med elevvurdering og skolebasert vurdering blir utvikla vidare
- kommunane blir oppmoda til å setje i gang ulike utviklingsprosjekt for å betre samhandlinga mellom heim og skole
- departementet, sammen med FUG, tek initiativ til oppsummering og formidling av konkrete døme på korleis samhandling omkring den einskilde elev og klassen kan fungere
- kommunane vurderer å gjennomføre spørjeundersøkingar til foreldra på aktuelle område
- skolane må ha språkleg og kulturell kompetanse til å ha dialog med dei samiske foreldra. Dette vil mellom anna bli følgd opp gjennom etterutdanninga av lærarane
- dialogen mellom heim og skole blir profilert i lærarutdanninga, jf St meld nr 48 (1996–97)
- dialogen mellom heim og skole skal inn i kommunane sine planar for kompetanseutvikling
- det bør satsast på forskning- og utviklingsarbeid innanfor området heim-skole
- kommunane bør arbeide for å utvikle samarbeidsutvalet slik at ein kan få til ein god dialog mellom dei ulike partane i skolesamfunnet
- kommunane og foreldra vil til vanleg vere tente med at ein utviklar eit felles forum for foreldra på kommunenivået

Departementet tilrår at FUG framleis blir oppnemnt av departementet, og at FUG med sekretariatet blir organisert som eit eige forvaltningsorgan.

I *kapittel 7* tek departementet opp spørsmål knyta til samhandling mellom skolen og foreldre frå språklege minoritetar og foreldra til funksjonshemma barn, og korleis ein kan videreutvikle samarbeidet mellom skolen og desse foreldregroppene. Det er viktig for at skolen i praksis skal vere for alle barn og unge. Vurderinga i dette kapitlet er eit *supplement* til kapittel 6.

I *kapittel 8* blir dei økonomiske og administrative konsekvensane omtala.

I meldinga blir det bruka ordet foreldre om foreldre eller føresette og om andre som i praksis har ansvaret for barnet.

2 Samarbeidet mellom heimen og skolen i Noreg og andre land

I dette kapitlet blir det gjort greie for korleis staten har lagt til rette for samarbeid mellom heimen og skolen på ulike nivå: den einskilde eleven, klassen, skolen, i kommunen og nasjonalt. Dei viktigaste statlege verke-midla er lover og føresegnar, medrekna læreplanver-ke, informasjon, opplæring og etterutdanning, for-sking- og utviklingsarbeid og økonomisk tilskott. Det er her lagt størst vekt på lovgjevinga og andre formelle sider ved styringssystemet. I tillegg til Noreg omtalar vi dei andre nordiske landa, Nederland, England og Skottland.

2.1 OM TILHØVA I NOREG

I lovgjevinga blir det understreka at foreldra har ansvaret for at barnet får utdanning. Både i lover og i fø-resegnene blir det lagt vekt på samarbeidet mellom heimen og skolen. Det bør vere klassekontaktar i alle klassar, det skal vere foreldreråd og samarbeidsutval på alle skolane, og det er eit statleg rådgjevande foreldreutval for departementet.

2.1.1 Den historiske utviklinga av samarbeidet mellom heimen og skolen

Foreldreretten har historisk vore ein sjølvsgd og uformell rett i Noreg. Det heiter til dømes i føremålet til allmugeskolelova av 1848 at skolen skal støtte foreldra i oppsedinga av barna. Ved lovendringa i 1889 vart det lagt vekt på at ein skulle styrkje påverknaden frå lokalsamfunnet på skolen. Det vart lovfesta at det på kvar skole skulle vere ei tilsynsneemd. 3 av 5 medlemmer skulle veljast av foreldra. Tilsynsneemda skulle innstille på nye lærarar og uttale seg om viktige spørsmål ved drift av skolebygningane.

Først gjennom grunnskolelova av 13. juni 1969 nr. 24 vart det vedteke vesentlege endringar om korleis foreldra skulle ta del i skolesamfunnet. Foreldreansvaret og det nære samarbeidet mellom heimen og skolen vart framleis lagt til grunn for opplæringa, sjå pkt. 2.1.2. Grunnskolelova vart eit nytt fundament for den vidare utviklinga av samarbeidet mellom heimen og skolen.

Ved kongeleg resolusjon av 10. oktober 1969 vart det oppnemnt ein komite for å greie ut samverkeformer i skolen (samverkekomiteen). Komiteen la i si tilråding vekt på at dersom foreldra skal inn i grunnskolen slik lover legg opp til, må ein både stimulere trongen hos foreldra for å gjere noko for eigne barn og legge tilhøva til rette for at det kan skje. Komiteen la fram eit utkast til normalinstruksar for mellom anna elevråd, foreldreråd og samarbeidsutval bygd på

grunnskolelova. Instruksane vart følgde opp gjennom endringar i føresegnene til lover. Komiteen rådde til at grunnskolelova vart endra, slik at samarbeidsutvalet også fekk styringsfunksjonar. Dei peika på behovet for ein foreldreorganisasjon på landsbasis. Fordi organiseringa måtte avgjerast av foreldra sjølve, vart det ikkje fremja retningslinjer om dette i innstillinga.

Noregs Husmorforbund tok eit stort ansvar med å skolere foreldrerepresentantar til å ta det ansvaret grunnskolelova la opp til. Med støtte frå departementet laga dei materiell og kursopplegg. I 1976 vedtok departementet å oppretta ei Referansegruppe for foreldre under Grunnskolerådet, kalla RFG. Gruppa skulle mellom anna:

- formidle aktuell informasjon til foreldra
- drive kurs og møteverksemd for å støtte foreldra
- ha kontakt med nordiske foreldreorganisasjonar
- vere talerøyr for foreldra overfor skolestyresmak-tene

I 1979 vart namnet endra til Foreldreutvalet under Grunnskolerådet (FUG). Sekretariatet var knytt til Grunnskolerådet og hadde ei fast stilling. I 1983 vart namnet igjen endra, denne gongen til Foreldreutvalet for grunnskolen. Då vart sekretariatet organisatorisk skilt frå Grunnskolerådet og knytt direkte til departementet. I 1987 vart FUG heimla i grunnskolelova (§ 35).

1. januar 1976 vart lov om spesialskolar oppheva, og grunnskolelova vart utvida til å femne om alle barn i skolepliktig alder. I samband med spesialundervisning og rådgjeving frå den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) og kompetansesentra, er samarbeidet mellom heimen og skolen understreka både i grunnskolelova og i føresegnene.

Gjennom Mønsterplanen av 1987 (M 87) vart det teke eit nytt viktig steg for å utvikle samarbeidet mellom heimen og skolen. Samarbeidet skal skje på fire plan: om den einskilde eleven, om den einskilde klassen, om skolen og om oppvekstmiljøet. Det vart understreka at både heimen og skolen treng dette samarbeidet, og at skolen har ansvaret for å ta det første initiativet.

I St meld nr 37 (1990–91) Om organisering og styring i utdanningssektoren vart det understreka at skolenivået burde få større innverknad på ressursbruk, organisering og personalspørsmål. Det vart peika på etablering av driftsstyre som ein effektiv styringsmodell, som og tek vare på interessene til brukarane og til lokalsamfunnet.

Gjennom St meld nr 47 (1995–96) Om elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonalt vurderings-

system, jf. Innst S nr 96 (1996–97), er det lagt opp til å strukturere og systematisere elevvurderinga utan karakter og samarbeidet med heimen. Det skal vere faste og planlagde samtalar mellom lærarane, elevane og foreldra, som skal medverke til å klargjere roller og forventningar mellom partane og munne ut i ei forpliktande oppsummering. Dette er følgt opp i nye føresegnar til grunnskolelova, som vart sette i verk 1. oktober 1997.

Frå hausten 1997 vart grunnskolen utvida til 10 år. Samtidig vart det nye læreplanverket innført, som mellom anna fører til endringar i det faglege innhaldet og i undervisningsmetodar, og som legg større vekt på samarbeid mellom heimen og skolen (sjå kap. 2.1.4).

2.1.2 Lov om grunnskolen med føresegnar

Lov om grunnskolen, vedteken 13.06.1969 nr. 24, legg eit svært viktig grunnlag for samarbeidet mellom heimen og skolen. I § 1 i grunnskolelova heiter det om føremålet:

«Grunnskolen skal i forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle deira evner, åndeleg og kroppslig, og gje dei god allmennkunnskap så dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.»

Kommunane har driftsansvaret og skal syte for at grunnskolen blir styrt i samsvar med dei lover, føresegnar og læreplanar som gjeld. Grunnskolelova slår fast at det er opplæringsplikt, men ikkje skoleplikt i Noreg. Foreldra kan i prinsippet velje andre alternativ, dersom tilbodet er godkjent (privatskole eller heimeundervisning). Om lag 98 % av elevane går i den offentlege skolen. Mindre enn 1 % av elevane går på spesialskolar, institusjonsskolar eller på andre særskilte tiltak.

På kvar skole skal det vere eit *foreldreråd*. Medlemmer er alle foreldre som har barn på skolen. I føresegnene er det fastsett at foreldrerådet skal arbeide for å:

- skape ein god kontakt mellom den einskilde heimen og skolen
- leggje tilhøva til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane
- skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet

Foreldrerådet skal velje eit arbeidsutval (Foreldrerådets arbeidsutval – FAU). FAU vel 2 medlemmer til samarbeidsutvalet. I føresegnene heiter det at foreldra til elevane i kvar klasse bør velje ein kvinneleg og ein mannleg klassekontakt. FAU bør vere samansett av klassekontaktane.

På kvar skole skal det vere eit *samarbeidsutval* med representantar frå lærarane, andre tilsette, elevane, foreldrerådet, rektor som representant frå kommunen og i tillegg ein representant oppnemnd av kommunen. Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande ledd for partane i skole-samfunnet. Samarbeidsutvalet har rett til å *uttale* seg i

alle saker som gjeld skolen. Kommunen kan delegere styringsoppgåver til samarbeidsutvalet, og kan då nemne opp fleire representantar til utvalet.

I *føresegnene* til grunnskolelova er samarbeidet med foreldra understreka i fleire andre samanhengar. Det gjeld til dømes i samband med:

- flytting til ein annan klasse eller til ein annan skole
- vurdering av om ein skal redusere eller auke undervisningstida
- vurdering av trong for spesialundervisning
- kontakt med PP-tenesta
- undersøking og tiltak for å redusere vantrivnad, konfliktsituasjonar eller dårleg samarbeid
- arbeidet for å få eit arbeidsmiljø som hindrar skadar på elevane i skoletida og på skolevegen
- i samarbeidet om vurdering av eleven

Klassestyraren skal skipe til foreldremøte eller klassekonferansar i samarbeid med klassekontaktane og minst to gonger i året ha samtale med foreldra.

Stortinget vedtok visse endringar i grunnskolelova våren 1997, jf. Innst O nr 95 (1996–97). I § 5 vart det presisert at klassestyraren mellom anna skal ha eit særleg ansvar for kontakten med heimane. Dessutan vart § 13 nr. 9 endra. Det handlar om retten for foreldra til fritak frå visse delar av undervisninga i kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering.

Departementet er det øvste forvaltningsorganet for grunnskolen og skal syte for at brukarane blir gjorde kjende med det lovverket Stortinget vedtek. Dessutan arbeider departementet ut nærare føresegnar og fastset læreplanar for grunnskolen.

Statens utdanningskontor fører tilsyn med verksemda etter grunnskolelova (§ 34) og er klageinstans for einskildvedtak i grunnskolen.

Departementet legg auka vekt på vurdering og rapportering. Det er utvikla system for resultatrapportering som kan nyttast både av staten og kommunane. Samarbeidet mellom heimen og skolen er ein viktig rammefaktor for opplæringa. Departementet har derfor gjennomført analysar for å sjå korleis samarbeidet fungerer, jf. kap. 3.2.

2.1.3 Lov om barn og foreldre

I lov om barn og foreldre (barnelova) av 8. april 1981 nr. 7, paragraf 30 «Innhaldet i foreldreansvaret», heiter det mellom anna:

«Barnet har krav på omsut og omtanke frå dei som har foreldreansvaret. Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege tilhøve innanfor dei grensene som § 31 og § 33 set. Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov.

Dei som har foreldreansvaret, er skyldige til å gje barnet forsvarleg oppseding og forsyting. Dei skal syte for at barnet får utdanning etter evne og givnad.»

Foreldreansvaret tek slutt når barnet har fylt 18 år. Barn som har fylt 15 år, avgjer etter barnelova sjølve spørsmål om val av utdanning. Opplæringsplikta gjeld ut det 10. skoleåret, jamvel om barnet har fylt 15 år.

Barnelova slår fast at *foreldra har ansvaret for at barnet får utdanning*. Det er i samsvar med opplæringslovgevinga i Noreg opp gjennom tidene. I barnelova blir det og lagt vekt på at foreldra skal høyre kva barnet har å seie før foreldra tek avgjerd om personlege tilhøve for barnet.

2.1.4 Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen er ei føresegn og dermed eit forpliktande styringsdokument for opplæringa i grunnskolen. Læreplanverket (L97 og L97 samisk) er samansett av:

- Læreplan for grunnskolen, den vidaregåande opplæringa og vaksenopplæringa. Generell del. Sett i verk frå september 1993.
- Prinsipp og retningsliner for opplæringa i grunnskolen. Dette er brua mellom den generelle delen og læreplanane for faga.
- Læreplanar for faga, utforma med grunnlag i dei to delane ovanfor.

I tillegg er det læreplanar for døve. Eit viktig fundament for læreplanverket er einskapsskolen – ein skole for alle – der alle elevar får eit likeverdig tilbod med opplæring tilpassa føresetnadene sine.

I den generelle delen blir det lagt vekt på at skolen skal vere eit aktivt ressurs-, kraft- og kultursenter for lokalsamfunnet, og på ansvaret og samspelet med foreldra. I Prinsipp og retningsliner for opplæringa i grunnskolen er det trekt opp klare liner for samarbeidet mellom heimen og skolen og foreldreansvaret. Det heiter:

«Skulen skal støtte heimen i oppfostringa av ein ny generasjon og førebu dei unge på oppgåver i samfunnet.

Foreldra/dei føresette har hovudansvaret for oppsedinga av sine eigne barn, og må derfor ha medansvar i skulen. Samarbeidet mellom heimen og skulen er eit gjensidig ansvar. Skulen pliktar å leggje tilhøva til rettes slik at samarbeidet med heimen kjem i stand. Ein føresetnad for eit godt samarbeid er god kommunikasjon. Då er det første kravet at heimen får god informasjon. Foreldra/dei føresette må vite korleis opplæringa er lagd opp, kva elevane skal møte på dei ulike stega, og kva for arbeidsmåtar som skal brukast. Heimen og skulen må saman arbeide for framgang og utvikling hos elevane og halde kvarandre gjensidig informert. God kommunikasjon og kontakt mellom lærarane og foreldra til elevar frå språklege og kulturelle minoritetar er særleg viktig for samarbeidet heim-skole og for opplæringa av den enkelte eleven. Det skal leggjast til rettes for at foreldra/dei føresette kan vere aktivt med i utviklinga av skulen, men i eit omfang og på ein måte som er overkommeleg når det gjeld aktivitetar og virke. Samarbeidet skal baserast på gjensidig respekt og vilje til å setje eleven i sentrum. Elevane må ta del i samarbeidet mellom heimen og skulen som aktive og sjølvstendige deltakarar og ha høve til å vise initiativ og ta ansvar.

Samarbeidet om den enkelte eleven er primært eit ansvar for klassestyraren og heimen. Saman med elevane og lærarane skal foreldra/dei føresette vere med

og få til eit godt klassemiljø, slik at klassen blir eit aktivt og trygt fellesskap. Skulen må be om råd og informasjon om situasjonen til elevane, også utanfor skulen når det har noko å seie for opplæringa. Samarbeidet skal gje gjensidig støtte, motivasjon og rettleiing. Der som det blir usemje og konflikhtar, må ein prøve å arbeide med og løyse dei i fellesskap. Som klassekontaktar, som representantar i samarbeidsorgana og i anna samvirke har foreldra/dei føresette høve til å få innverknad på og medansvar for klassen, for skulesamfunnet og for den rolla skulen har i nærmiljøet. Det er og viktig at dei tek del i arbeidet med skulevurdering. Personalet i skulen, elevane og foreldra må samarbeide om å utvikle eit miljø fritt for mobbing og krenkjande åtferd.»

Rådsorgana i skolen bør arbeide for at det blir lagt til rette for ein variert og allsidig bruk av skoleanlegget, slik at det kan vere ein samlingsstad for ulike kultur- og aktivitetstilbod.

2.1.5 Lov om kommunar og fylkeskommunar

I lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 25. september 1992 nr. 107 er føremålet å leggje til rette for eit funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre, og for ei effektiv og rasjonell forvaltning. Kommunelova er ei styringslov som gjev generelle reglar om korleis verksemda i kommunar og fylkeskommunar skal organiserast og administrerast. Kommunelova pålegg kommunane m.a. å ha eit kommunestyre, formannskap, kontrollutval og administrasjonsutval. Det er også høve for alle kommunar til å velje ei parlamentarisk styringsform. Då vert formannskapet erstatta med eit kommuneråd. Grunnskolelova pålegg kommunane å ha eit samarbeidsutval på alle grunnskolane. Ein viktig intensjon med kommunelova er at det ikkje skal leggjast sterkare bindingar på den interne organiseringa i kommunen, enn det som er nødvendig ut frå omsynet til nasjonal styring. Eit viktig prinsipp i kommunelova er at primærkompetansen i kommunane skal liggje till kommunestyret. Dei skal i stor utstrekning sjølv ha fridom til å avgjere korleis verksemda skal organiserast.

Dersom kommunestyret ønskjer det, *kan* dei velje eit styre for ei kommunal bedrift eller ein kommunal institusjon, til dømes ein skole (kommunelova § 11). Kommunestyret kan gje styret avgjerdsrett på område som har å gjere med drift og organisering av verksemda. Det skal då vere minst to foreldrerepresentantar i styret, jf. § 32 i grunnskola.

Dersom samarbeidsutvalet får styringsoppgåver delegert frå kommunen, kan kommunen nemne opp fleire representantar til utvalet.

2.1.6 Lov om forsøk i offentlig forvaltning

I lov om forsøk i offentlig forvaltning (forsøkslova) av 26. juni 1992 nr. er føremålet (§ 1):

«Formålet med denne lov er gjennom forsøk å utvikle funksjonelle og effektive organisasjons- og driftsformer i den offentlige forvaltning, og en hensiktsmessig oppgavefordeling mellom forvaltningsor-

ganer og mellom forvaltningsnivåer. Det skal legges særlig vekt på å forbedre den offentlige tjenesteyting overfor borgerne og få til best mulig ressursutnyttelse. Ved forsøk som omfatter folkevalgte organer skal det også legges vekt på å fremme gode demokratiske styringsformer.»

I § 3 er det mellom anna nemnt at Kongen kan godkjenne forsøk med avvik frå gjeldande lovar og føreseger om korleis kommunen organiserer verksemda si og løyser oppgåvene sine. Etter dette kan Kongen godkjenne forsøk knytte til styringsformer både på skole- og kommunenivå som har konsekvensar for innverknaden til foreldra i skolen.

Kongen kan godkjenne forsøk for ein periode på inntil fire år. Forsøket kan forlengjast med inntil to år, eller inntil eventuelt planlagde reformer i samsvar med forsøket, tek til å gjelde.

2.1.7 Om internasjonale plikter

Retten til utdanning og den plikta staten har til å respektere foreldreretten og vere med i avgjerder om utdanninga til eigne barn, er regulert i fleire konvensjonar. Noreg har ratifisert UNESCO-konvensjonen mot diskriminering i undervisninga, vedteken på generalkonferansen 14. desember 1960. Konvensjonen legg vekt på jamstilling i undervisninga, uavhengig av mellom anna kjønn, rase, politisk syn, nasjonal eller sosial bakgrunn, økonomiske tilhøve og religion (artikkel I). I artikkel IV er partane forplikta til å arbeide mot og gjere elementær undervisning gratis og obligatorisk, og å sikre at undervisningsnivået er likeverdig i alle offentlege undervisningsinstitusjonar på det same steget.

Artikkel V omtalar mellom anna foreldrerettane (artikkel V, pkt. 1b):

«Det er vesentlig å respektere foreldrenes og eventuelt de rettslige foresattes rett, for det første til å velge for sine barn andre institusjoner enn de som opprettholdes av de offentlige myndigheter, men som oppfyller de minimumskrav til undervisning som måtte være fastsatt eller godkjent av de kompetente myndigheter, og for det annet å sikre, på en måte som er i samsvar med den fremgangsmåte som følges i vedkommende stat for anvendelse av dens lovgivning, den religiøse og moralske undervisning av barna i samsvar med deres egen overbevisning. Ingen person eller gruppe av personer skal tvinges til å motta religiøs opplæring som ikke er i samsvar med deres overbevisning.»

I menneskerettskonvensjonen artikkel 13, punkt 3 heiter det:

«Konvensjonspartene forplikter seg til å respektere foreldres og, når det er aktuelt, vergers frihet til å velge andre skoler for sine barn enn dem som er opprettet av offentlige myndigheter, forutsatt at skolene oppfyller eventuelle minstekrav til undervisningen fastsatt eller godkjent av staten, og til å sikre sine barn en religiøs og moralsk undervisning i samsvar med deres overbevisning.»

EØS-direktivet av 25. juli 1997 har som føremål å betre vilkåra for fri rørsle av arbeidstakarar, gjennom integrering av barna til arbeidstakarane i skolemiljøet i

vertslandet og elles i utdanningssystemet. Direktivet fastset at medlemsstatane har plikt til å tilby gratis undervisning tilpassa behovet til barna, mellom anna undervisning på det offisielle språket i vertslandet. Medlemslanda skal setje i verk naudsynte tiltak for å fremje undervisning i morsmålet og i kulturen i heimlandet.

FN vedtok på generalforsamlinga i desember 1993 standardreglar for å sikre rettane for dei funksjonshemma. Reglane er ikkje juridisk forpliktande. Det heiter mellom anna at opplæringa for funksjonshemma bør vere ein integrert del av det vanlege utdanningssystemet, og at organisasjonane til foreldregrupper og funksjonshemma bør bli dregne inn i utdanningsprosessen på alle nivå.

2.2 OM DEI ANDRE NORDISKE LANDA

I Danmark har foreldra fleirtalet i skolestyret, som kan avgjere prinsippa for verksemda i skolen. I Sverige har det vore liten tradisjon for at foreldra skal medverke i skolen. Ei lovendring i 1996 opnar for at det kan etablerast styre på skolane med foreldrefleirtal. I Finland avgjer kommunane om det skal vere styre («direktion») på skolane. I Island skal det vere eit rådgjevande foreldreråd på kvar skole, og ein foreldrerepresentant kan vere med i skolenemnda. I alle desse landa er det sjølvstendige foreldreorganisasjonar.

2.2.1 Danmark

Utviklinga i Danmark er prega av desentralisering, kommunalt sjølvstyre, fridom for foreldra til å velje skole og fridom til å starte skolar. Foreldra har gjennom lov sidan 1814 hatt hovudansvaret for å gje barnet sitt ei utdanning. Det vart sett inn i grunnlova i 1915 at plikta til undervisning kan bli gjeven av private skolar («friskoler»). Også grupper av foreldre kan etablere sin eigen skole. Frå 1919 har dei private skolane hatt rett til offentlege tilskott. I dag går om lag 12 pst av alle grunnskolebarn i private skolar. Kommunane har ansvaret for dei offentlege skolane.

I 1933 vart det teke inn i lov om folkeskolen (folkeskolelova) at ein kunne velje foreldreråd på skolen. Foreldra måtte sjølv ta initiativet. Foreldrerådet hadde liten innverknad på skolen. Ansvaret auka noko då foreldrerådet vart erstatta med skolenemnder i 1949. I samband med kommunereforma i 1970 vart skolenemndene obligatoriske. Foreldra hadde fleirtalet i nemndene. I 1975 vart det dessutan presisert i folkeskolelova at skolen skulle samarbeide også med foreldre som ikkje er tillitsvalde.

Folkeskolelova vart endra i 1989 (sett i verk frå 1990). Då vart mellom anna skolenemnda erstatta med eit skolestyre («skolebestyrelse») på kvar skole, og kommunen kunne delegere kommunal avgjerdsrett til dette skolestyret, med unnatak av løyvingar og arbeidsgjevarkompetanse. Skolestyret kan avgjere *prinsippa* for verksemda i skolen, mellom anna:

- organisering av undervisninga, til dømes timetalet på kvart klassesteg, tilbod av valfag, spesialundervisning og plassering av elevar i klassar
- samarbeidet mellom heimen og skolen
- tilbagemelding til heimen om det utbyttet eleven har av undervisninga
- fordeling av arbeidet mellom lærarane
- fellesarrangement for elevane

Skolestyret kan godkjenne budsjettet innanfor rammer gjevne av kommunen, godkjenne undervisningsmidlar og fastsetje ordensreglar. Dei skal uttale seg i samband med tilsetjing av leiarar og lærarar i skolen. Skoleleiaren har den daglege administrative og pedagogiske leiinga på skolen og er ansvarleg for verksemda i skolen overfor skolestyret og kommuneleiinga. Skolestyret fører tilsyn med verksemda i skolen. Tilsynet femner om alle sider ved skolen, også det som er kompetanseområdet til skoleleiaren.

Foreldrerepresentantane skal ha fleirtalet i skolestyret. Foreldra blir valde for fire år av alle foreldre med barn i denne skolen. Skoleleiaren er sekretær og har ikkje røysterett.

I mai 1997 vedtok folketinget nokre endringar i folkeskolelova, m.a. for å betre kommunikasjon mellom skolestyret og alle foreldra.

Folkeskolelova legg og på andre måtar stor vekt på samarbeidet mellom heimen og skolen. I føremålet heiter det mellom anna:

«Folkeskolens oppgave er i samarbejde med forældrene at fremme elevernes tilegnelse av kunskaber, færdigheder, arbejdsmetoder og uttryksformer, der medvirker til den enkelte elevs alsidige personlige udvikling.

Elever og forældre samarbejder med skolen om at leve op til folkeskolens formål.»

Foreldra kan krevje at barnet får tidlegare skolestart, og barnet har krav på å bli teke opp på ein skole utanfor sin eigen skolekrins. Det krev at skolen er villig, og at det kan skje innfor dei økonomiske rammene til denne skolen. Foreldra skal minst to gonger i året bli informerte av skolen om den faglege og sosiale utviklinga til sine eigne barn. Eit barn kan bli friteke for å vere med i kristendomsundervisninga når foreldra skriftleg stadfester at dei vil sørgje for religionsundervisninga til barnet.

Det er ingen føresegnar om organisering av medverknaden til foreldra på klassenivå, i kommunen eller på regionalt nivå. Det er likevel vanleg at foreldra i ein klasse vel to til fire klassekontaktar som tek på seg eit særleg ansvar for kontakten med klassestyraren, for felles aktivitetar og for informasjon mellom klassen og heimane.

På nasjonalt nivå set undervisningsministeren ned eit folkeskoleråd. Det er eit rådgjevande organ på 15 medlemmer, oppnemnde av ministeren. To av medlemmene blir oppnemnde etter innstilling frå organisasjonen Skole og Samfund.

Skole og Samfund er ein frittstående medlemsor-

ganisasjon for foreldrerepresentantane i skolestyra. Dei har lokalavdelingar i alle amt (fylke) og i København, men er elles ikkje organiserte på kommunenivået. Om lag 88 pst av alle folkeskolar er med. Organisasjonen blir finansiert av kontingenten frå medlemmene. Skole og Samfund har i 1997 eit budsjett på 4,3 mill. danske kroner og 5,5 stillingar i sekretariatet. Dei får eit tilskott frå staten på 0,2 mill. kroner, som skal dekkje reiseutgiftene til medlemmer av Skole og Samfund som tek del i statlege utval og liknande. Skole og Samfund er eit rådgjevande organ for undervisningsministeriet, og tek del i alle viktige komitear og i utgreiingar som har med samarbeidet mellom heimen og skolen å gjere. Dei legg elles stor vekt på rettleiing og skolering av foreldrerepresentantane i skolestyra.

2.2.2 Sverige

Skolen i Sverige har vore sentralstyrt, og det er liten tradisjon for at brukarane skal medverke i skolen eller at foreldra skal ha eigne organ i skolen. I 1981 vart det lovfesta at rektor skulle informere og ta med på råd representantar for elevane og foreldra i viktige spørsmål om skolen.

Endå om det ikkje er lovfesta, har mange skolar etablert forvaltningsråd, eit rådgjevande organ der elevar, foreldre og tilsette er likt representerte.

Det vart vedteke vesentlege endringar i styringa av skoleverket i 1991, då detaljert statleg styring vart erstatta av eit målstyrt system med stort lokalt ansvar. Kommunane fekk ansvaret for grunnskolen, medrekna arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

I målet for skolen er det lagt vekt på samarbeidet mellom heimen og skolen. Frå 1. juli 1994 har foreldra fått rett til å velje grunnskole innanfor kommunen. Retten gjeld ikkje når det går ut over andre elevar, eller når det fører til store organisatoriske eller økonomiske ulemper for kommunen. Når særlege grunnar tilseier det, kan elevar og gå på skole i ein annan kommune.

Foreldra avgjer om barna skal begynne på skolen som 6-åring eller 7-åring. Kommunen kan ikkje nekte for å gje tilbod, til dømes av økonomiske årsaker.

Tidlegare kunne det berre etablerast alternative skolar, dersom det var eit pedagogisk alternativ eller det var ein internasjonal skole. Frå 1994 vart det mykje lettare å etablere frittstående skolar. Dei har stor fridom i undervisningsopplegg, tilsetjingar og styring av skolen, men skal godkjennast av Skolverket. Desse skolane blir finansierte av dei kommunane elevane kjem frå.

Det er i lov eller føresegnar ikkje sagt noko om medverknad frå foreldra på klassenivå, i kommunen eller på regionalt nivå. Det er likevel vanleg med klassekontaktar.

Den nye læreplanen frå 1994 (Lpo 94) dreg opp dei overordna måla og prinsippa for faga. Planen gjev eit stort ansvar og eit stort handlingsrom for den ein-skilde kommunen og skolen. I planen heiter det at innverknaden til foreldra på skolen skal aukast. Rektor

har fått større ansvar for skolen, mellom anna for samarbeidet mellom heimen og skolen. Foreldre skal få informasjon om korleis det går med deira egne barn. Minst ein gong i halvåret skal det vere ein utviklingsamtale mellom skolen, foreldre og eleven. Foreldreorganisasjonen Riksförbundet Hem och Skola ser på denne samtalen som kanskje den viktigaste kontakten mellom heimen og skolen. Samtalen har som føremål å utvikle samarbeidet, der innsatsen frå alle parter er like viktig. Det skal og leggjast vekt på at eleven skal ta ansvar og ha innverknad på sin eigen skolesituasjon.

9. mars 1995 gav regjeringa utdanningsministeren i oppdrag å setje ned ein komité som skulle sjå på det indre livet i grunnskolen, og komme med tilrådingar for å stimulere den pedagogiske utviklinga. Komiteen fekk namnet Skolkomiteen, og er samansett av personar med pedagogisk bakgrunn. I tillegg vart det sett ned ei referansegruppe med representantar for alle partia i Riksdagen og ei referansegruppe med representantar for sentrale interesseorganisasjonar (foreldre-, elev- og lærarorganisasjonar). Komiteen kom med sluttrapporten sin hausten 1997 (SOU 1997:21 «Skolfrågor. Om skola i en ny tid.» Slutbetänkande av Skolkomiteén). Første delinnstillinga var SOU 1995:103 «Föräldrar i självförvaltande skolor» frå november 1995. I utgreiinga er det lagt vekt på dei store endringane i samfunnet som stiller andre krav til skolen, og at samarbeidet mellom heimen og skolen blir svært viktig. Utgreiinga er og oppteken av at foreldre må få innverknad på det som er viktig for dei, det vil seie på sjølve undervisninga.

Det blir lagt stor vekt på at foreldre skal ha innverknad fordi dei er foreldre, med ein annan bakgrunn og eit anna perspektiv på skolen enn dei har som arbeider i skolen. Det er i dette møtet mellom ulike ståstader og synspunkt komiteen trur det kan skje ei positiv utvikling.

Komiteen tilrår at det blir opna for ulike forsøk med styre i grunnskolen. Det bør vere få grenser for kva styra kan få ansvaret for. Det bør vere opp til skolor og kommunane sjølve å komme med framlegga. Det bør i alle høve vere eit foreldrefleirtal i styret. Det blir grunngjeve med at dersom foreldre skal ha makt i skolen, må dei ha fleirtal. Komiteen seier vidare at dette ikkje er den viktigaste kanalen for foreldreinnverknad. Viktigare er kvardagskontakten med læraren og kontakten med klassen. Dei ser framlegget som ein prøvestein og eit signal om at foreldre må få større innverknad i skolen.

Riksdagen følgde opp tilrådingane frå Skolkommitten. I «Forordning om försöksverksamhet med lokala styrelser i skolan» frå regjeringa, datert 6. juni 1996 heiter det at foreldre skal vere i fleirtal. I tillegg skal rektor og representantar for dei tilsette vere med. Representantar for elevane skal kunne møte og seie meininga si. Det er ikkje gjeve meir detaljerte føresegner om samansetjinga, eller om korleis vala skal skje. Endringa vart sett i verk frå 15. juli 1996 og gjeld ut juni år 2001. Den einskilde skolen må ta initiativet for

å bli med på forsøk. Kommunen *avgjer* om skolen kan vere med og sender melding om det til Skolverket. Dei registrerer alle forsøk i ein database.

Det lokale styret er eit kommunalt organ som er lagt under den politiske nemnda som har ansvaret for utdanning. Den kommunale nemnda kan derfor gripe inn dersom ho meiner styret ikkje fungerer.

Kommunen avgjer kva for oppgåver og ansvar styret skal ha. Styret kan omfatte heile skolen eller delar av skolen. Rektor er framleis pedagogisk ansvarleg og ansvarleg for personalet. Styret kan ikkje få oppgåver som gjer at rektor ikkje kan utøve dette ansvaret. Styret kan heller ikkje ha avgjerdsrett i saker som gjeld einskiltpersonar.

Lova er møtt med stor interesse og har skapt mykje debatt på skolorne. Det blir registrert stor interesse for å gjennomføre forsøk.

Frå 1. august 1997 kan elevane ta del i det lokale styret som fullverdige medlemmer.

Riksförbundet Hem och Skola er ein sjølvstendig foreldreorganisasjon oppbygd av lokale foreiningar. Det er lokalforeiningar på om lag 1800 skolar, og 30–35 pst av foreldre med barn i grunnskolen er medlemmer i lokalforeiningane. Organisasjonen har eit budsjett på omlag 10 mill. svenske kroner. Dei viktigaste inntektskjeldene er kontingent frå lokalforeiningane, statstilskott og sal av informasjonsmaterieill. Det er sju årsverk i sekretariatet. Organisasjonen har eit felles organ på fylkesnivået og arbeider for å få eit organisasjonsledd på kommunenivået. Lokalforeiningane har tradisjonelt arbeidd mykje med sosiale aktivitetar på skolen. Dei opplever nedgang i talet på medlemmer og har dei siste åra redusert talet på tilsette i sekretariatet.

2.2.3 Finland

Kommunane har ansvaret for drifta av grunnskolorne. Frå 1984 måtte kommunestyret for valperioden oppnemne eit styre («direktion») på kvar skole. Styret kan vere felles for fleire skolar. Det har samband med at grunnskolorne ofte er svært små i Finland. Det skulle vere sju medlemmer i styret, ein representant for lærarane, ein for andre tilsette og minst tre frå foreldre. Rektor er medlem og sekretær. Frå slutten av 1980-åra har kommunane sjølve avgjort om dei vil ha eit styre og korleis det skal setjast saman. Omlag 40 pst av kommunane har valt å fjerne styret.

I 1994 vart læreplanen vesentleg endra. Den nasjonale planen trekkjer opp dei overordna måla og prinsippa, medan skolorne sjølve skal utvikle lokale planar ut frå dette. Heile skolesamfunnet – medrekna foreldre – skal arbeide ut planen. På den måten har foreldre fått større medverknad i det som skjer innanfor skolen.

Etter søknad kan elevane bli fritekne for religionsundervisning. Dei får i staden opplæring i livssynskunnskap. Finland arbeider med framlegg til ei ny utdanningslov. I høyringsutkastet er det mellom anna tilrådd at kommunane skal stå svært fritt til å organisere seg administrativt og politisk. Dei blir gjort framlegg

om eit frivillig 6-års tilbod i skolen, der foreldra avgjer, og om at foreldra skal kunne velje skole for barna sine.

Det er ikkje i lova sagt noko om korleis foreldre-medverknaden kan organiserast på skolane, i kommunane eller på nasjonalt nivå. Det er likevel vanleg med klassekontaktar, ofte representantar frå dei lokale foreldreorganisasjonane.

Det er to sjølvstendige foreldreorganisasjonar, ein for dei finskspråklege og ein for dei svenskspråklege (som omfattar om lag 6 pst av folketalet i Finland). Den finskspråklege organisasjonen arbeidde tidlegare mykje med temaet oppseding av barn, og hadde flest lærarar som medlemmer. Dei siste tjue åra har organisasjonen endra arbeidsmåte og hatt stor medlemsvekst. I 1995 skifta han namn frå Riksförbundet för skolelevernas föräldrar i Finland til Finlands foreldreforbund (Suomen Vanhempainliitto). Organisasjonen har i dag 850 lokallag, medrekna 31 foreiningar av finskspråklege i Sverige. Dei er opne for foreldra frå barnehagen til den vidaregåande skolen, men har dei fleste lokallaga i grunnskolen.

Organisasjonen byggjer på lokale lag. Dei har ikkje medlemskontingent. Dei viktigaste inntektskjeldene er statstilskott og tilskott frå ein organisasjon som driv med speleautomatar (Penningautomatforeningen). Foreldreorganisasjonen har eit sentralt sekretariat på fem tilsette og to deltidstilsette i distrikta. Dei har ikkje noko organisasjonsledd på kommune- eller fylkesnivået. Sentralt arbeider dei mykje med å støtte det lokale arbeidet, i tillegg til å prøve og påverke den nasjonale utdanningspolitikken.

Förbundet Hem och Skola i Finland er ein medlemsorganisasjon for svenskspråklege foreldre med barn i grunnskolen og i den vidaregåande skolen. Dei har no 153 lokallag. Om lag ein tredel av alle svenskspråklege foreldre som har barn i grunnskolen eller i den vidaregåande skolen, er medlem. Forbundet har eit budsjett på 1,4 mill. norske kroner. Dei viktigaste inntektskjeldene er tilskott frå Penningautomatforeningen og statstilskottet. Dei har ein liten medlemskontingent. Sekretariatet har to tilsette. Dei har ikkje noko organisasjonsledd på kommune- eller fylkesnivået. Forbundet arbeider ut skriftleg materiell for foreldra og lærarane som støtte til samarbeidet på klasse- og skolenivå, og prøver å påverke den nasjonale utdanningspolitikken.

2.2.4 Island

Foreldra har ansvaret for oppseding og utdanning av barna. Det vart vedteke ei ny lov om grunnskolen i 1995. Kommunane fekk då ansvaret for den samla drifta av grunnskolen. Etter lova skal skolen samarbeide med heimen. I tillegg er foreldremedverknaden no tydelegare og sterkare organisert gjennom lova:

- I kvart skoledistrikt skal det vere ei skolenemnd, som har ansvaret for skolen innanfor dei nasjonale rammene og innanfor pålegg frå kommunen.

- Ein foreldreforeining, eller ei samanslutning av foreldra i skoledistriktet, vel ein forelder til skolenemnda. Foreldreprerentanten har rett til å komme med framlegg. Den same retten har representantar for lærarane og skoleleiarane.

Dei tilsette på skolen skal arbeide for å styrkje samarbeidet mellom heimen og skolen, mellom anna gje informasjon til foreldra om arbeidet til sine egne barn og om anna på skolen som er viktig for foreldra. Foreldra kan setje ned ei foreldreforeining på skolen for å støtte skolearbeidet og betre kontakten mellom heimen og skolen. På kvar grunnskole skal det vere eit foreldreråd. Foreldrerådet er samansett av tre foreldre, som ikkje arbeider på skolen, og er valt for to år. Foreldrerådet er eit rådgjevande organ, som tek opp og gjev fråsegn til skolen og skolenemnda om ulike planar for skolen, kontrollerer at planane blir presenterte for foreldra og at planane blir gjennomførte. Skoleleiararen skal minst to gonger i året kalle inn lærarrådet, elevrådet og foreldrerådet til felles møte for å gje opplysningar om arbeidet i skolen og drøfte saker som råda tek opp.

Det blir no arbeidd med å revidere læreplanen for grunnskolen og den vidaregåande skolen. Ei arbeidsgruppe med representantar for alle partia i Alltinget har drege opp retningslinjer for arbeidet. Gruppa ser på skolen som eit samfunn med tre likeverdige parter: elevane, dei tilsette og foreldra. Gruppa seier det er viktig at samarbeidet i skolen byggjer på tillit og på gjensidig respekt. I denne samanhengen meiner utvalet at foreldreforeiningane spelar ei viktig rolle. Det er avgjerande at foreldra får nok informasjon om skolearbeidet og om alle planar som ligg føre. Resultatrapportar skal og gjerast tilgjengelege. Det må setjast opp spelereglar for korleis ein kan løyse usemje i skole-samfunnet. Det heiter dessutan at det er viktig at foreldra følgjer godt med i skolegangen til barna for å fremje ei positiv holdning til opplæring. Den nye læreplanen skal følgje opp desse retningslinjene og vil leggje stor vekt på foreldrerolla i opplæringa. Planen skal vere ferdig kring årsskiftet 1998/99.

Den nasjonale foreldreorganisasjonen (Landssamtökin Heimili og Skoli) vart skipa i 1992. Einskildpersonar eller familiar er direkte medlemmer. Det er foreldreforeiningar på dei fleste skolane, som er knytte til foreldreorganisasjonen. Det er samarbeidsorgan for foreldreforeiningane i nokre av dei større kommunane, men ingen organisasjon på regionalt nivå. Omlag ein tredel av alle familiar med barn i grunnskolen er medlem. Organisasjonen får no 160 000 norske kroner i året frå departementet til å lage informasjonsmateriell til foreldra. Organisasjonen avgjer kva som skal lagast, og må rapportere til departementet to gonger i året. Organisasjonen arbeider for å støtte det lokale foreldrearbeidet, mellom anna for å få fleire lokale foreldrelag, og for å påverke den nasjonale utdanningspolitikken.

2.3 AKTUELLE LAND UTANOM NORDEN

I Nederland, England og Skottland kan foreldra velje kva for skole barnet skal gå på. I Nederland skal det på skolane vere eit deltakarråd med like mange foreldre og tilsette som skal drøfte viktige saker i skolen. Styret på skolen har mykje ansvar, men det er ikkje lovregulert om foreldra skal vere med. Det er fleire sjølvstendige foreldreorganisasjonar.

I England skal foreldra ha ein firedel av representantane i styret. I Skottland har foreldra fleirtal i styret, men styret har lite ansvar. I England og Skottland er det felles foreldre- og lærarorganisasjonar.

2.3.1 Nederland

Det er lovfesta at foreldra har hovudansvaret for opplæring av sine eigne barn. Alle innbyggjarar i landet har rett til å etablere ein skole utan statleg godkjenning. Grupper av innbyggjarar kan etablere skolar ut frå til dømes religiøs tru, ideologiske syn eller pedagogiske prinsipp. Kommunane eig om lag 35 pst av grunnskolane, resten er private. Dei to store kyrkesamfunna, den romersk-katolske kyrkja og den protestantiske kyrkja, eig om lag 30 pst kvar. I tillegg er det andre livssynsskolar og ideologiske skolar, til dømes Montessoriskolar og Steinerskolar. Alle skolane er fullt ut finansierte av staten.

Det er ingen nasjonal læreplan, men ein felles avsluttande eksamen for alle elevane. Skolane vert kontrollerte av eit utdanningsdirektorat. Det er administrativt ein del av departementet, men fagleg uavhengig. Direktoratet vitjar skolane i gjennomsnitt ein gong annakvart år. Rapportane frå skolane er ikkje offentlege.

Etter utdanningslova skal foreldre, studentar og tilsette både på offentlege og private skolar ha rett til å vere med i diskusjonar og avgjerder av alle slag som er viktige for skolen. I 1992 vart det lovfesta at det skal vere eit *deltakarråd* på alle skolar. Rådet er samansett av like mange tilsette som foreldre. Styret på skolen skal leggje fram alle viktige saker for deltakarrådet før dei blir drøfta. Rådet har ei rådgjevande rolle i nokre saker, men har ei godkjennande rolle i særleg viktige saker, til dømes saker knytte til undervisningsmetodar og den lokale læreplanen. På den måten kan rådet hindre at vedtak i styret blir gjennomførte.

Det er ikkje regulert gjennom lov om foreldra skal ha medlemmer i styret på skolane. På dei private skolane har styret det overordna ansvaret. Eigaren nemner opp alle medlemmene til styret. Kommunestyret, eller eit utval under det, er styre for dei kommunale skolane. Rektor har det pedagogiske og administrative ansvaret for skolen. Det er foreldrerepresentantar i dei fleste styra på dei private skolane. I om lag ein firedel av dei protestantiske skolane er styret berre samansett av foreldrerepresentantar. Kommunane kan delegere ansvaret for leiinga av skolen til ein skolekomité der

foreldra er med. Det er ein slik komité på om lag ein ti-del av alle kommunale skolar.

I 1992 vart det lovfesta at foreldra kan velje eit foreldreråd på skolen. I 1996 vart innverknaden til foreldra på skolen endå meir understreka. Alle foreldre som møter skolen for første gong, skal få ei skolehandbok, som inneheld oversikt over rettar og plikter i utdanninga. Det vart og presisert at det skal vere god kontakt mellom eventuelle foreldrerepresentantar i styret og dei andre foreldra. Det er i lov eller føresegnar elles ikkje fastsett korleis foreldreengasjementet kan organiserast på andre nivå, til dømes klassen. Det er ikkje vanleg med klassekontaktar.

Foreldra blir i stor grad bruka på skolen, både til praktisk hjelp og i delar av undervisninga. Mange foreldre tek seg og fri frå arbeidet for å kunne hjelpe til.

Det er fire uavhengige nasjonale foreldreorganisasjonar, knytte til kven som eig skolen. Det vil seie at det er organisasjonar for dei offentlege skolane, dei katolske, dei protestantiske og andre private skolar. Alle er organiserte ut frå skolenivå, med skolen som medlem. I tillegg har eit par organisasjonar individuelle medlemmer.

Organisasjonane legg stor vekt på å skolere foreldrerepresentantane i deltakarråda og dei foreldra som er med i styret, støtte det lokale foreldrearbeidet og påverke den nasjonale utdanningspolitikken. Overfor skolane er det prioritert å få organisert foreldrearbeidet i klassen og å utvikle samarbeidet mellom foreldre og lærarar basert på at det er eit samarbeid mellom to likeverdige partar.

Etter avtale mellom utdanningsdepartementet og foreldreorganisasjonane blir ein viss sum overført til foreldreorganisasjonane for at dei skal organisere opplæring, rådgjeving og informasjon for foreldra. I gjennomsnitt omfattar dette 60 pst av inntektene til foreldreorganisasjonane. I tillegg kjem kontingentar, sal av materiell og liknande og andre tilskott.

Det er ein etablert rutine at utdanningsministeren kvar månad møter representantar for foreldreorganisasjonane, lærarorganisasjonane og dei som organiserer styra på skolane for informasjon og diskusjon om utdanningspolitiske spørsmål.

2.3.2 England

Dei kommunale styresmaktene (Local Education Area – LEA) har ansvaret for dei fleste grunnskolane. I tillegg er det nokre skolar knytte til ein spesiell religion («kyrkjeskolar»), private skolar (med foreldrebetaling) og sjølvstyrte skolar (Grant Maintained Schools – GM Schools). Den statlege styringa av alle skolane skjer gjennom utdanningslovgeving og ein nasjonal læreplan med klart definerte utdanningsmål. Det er innført nasjonale testar. Resultata for kvar skole er offentlege.

Foreldra har etter lova ansvaret for å sikre at barna deira får utdanning når dei er mellom 5 og 16 år, og det blir lagt til grunn at barna skal få opplæring i samsvar

med ønska til foreldra. Etter læreplanen kan foreldra velje at deira eigne barn ikkje skal følgje opplæringa i religionsundervisning og seksualundervisning. Foreldra i England fekk i 1980 på visse vilkår rett til å velje skole for barnet sitt. I 1988 vart retten forsterka, slik at alle foreldre no aktivt må søkje barnet inn på ein skole.

Skoleeigaren avgjer kriteria for inntak av elevar. Skolen pliktar å informere foreldra om kriteria før dei skal søkje skole for barnet sitt. Regjeringa legg stor vekt på at skolane skal gje god informasjon om skolevalet.

I 1988 fekk foreldra rett til, gjennom røysting, å avgjere om dei ville søkje om sjølvstyrte skolar (GM schools). Ein sjølvstyrt skole er ikkje lagd under dei lokale styresmaktene, men står direkte ansvarleg og blir finansiert av staten. Frå 1993 har frivillige grupper, mellom anna grupper av foreldre, fått rett til å etablere eigne sjølvstyrte skolar. Det er no om lag 1050 sjølvstyrte skolar i England, av totalt 22 200 primary schools og secondary schools.

Det har vore eit styre (Governing Body) på skolane sidan 1944. I 1986 vart utdanningslova endra, slik at styret fekk eit større ansvar. Det vart samstundes lovfesta at foreldra skal vere med i styret på skolen, med ein firedel av representantane. I tillegg sit rektor, representantar for dei tilsette og den lokale styresmakt i styret. Ingen grupper har fleirtal. Styret har eit overordna ansvar for skolen, og står ansvarleg overfor foreldra og dei lokale styresmaktene for korleis skolen fungerer. Det er understreka at styret skal halde nær kontakt med alle foreldra. Rektor har den daglege leiinga for og det daglege ansvaret på skolen.

I 1991 introduserte den britiske regjeringa foreldrecharteret. Det er ei samling av dei viktigaste rettane og pliktene til foreldra. Det er sendt til alle heimane i landet.

Det engelske skolesystemet legg vekt på kontroll av skolane. I 1992 etablerte regjeringa Office for Standards in Education (OFSTED). Målet med OFSTED er å betre resultata og kvaliteten på undervisninga gjennom fast og uavhengig inspeksjon, offentlege rapportar og rådgjeving. OFSTED inspiserer skolane, følgjer undervisninga og arbeidet i styret. Det er og vanleg at dei sender ut spørreskjema til foreldra og held eit møte med alle foreldre for å få synspunkta deira.

Det er ikkje i lov eller føresegner regulert korleis foreldra skal medverke på ulike nivå. Dei fleste skolane har likevel ei felles foreldre- og lærarforeining (og somme stader reine foreldreforeiningar). Foreldra er representerte i tre firedelar av alle dei kommunale skolenemndene (LEA).

Labour-regjeringa la 7. juli 1997 fram ei stortingsmelding (White paper) med tittelen Excellence in schools. Regjeringa slår fast at utdanning har høgaste prioritet. Det blir lagt vekt på å auke standarden for dei mange i skolen. Regjeringa meiner ein berre kan få det til gjennom samarbeid, der skolen, lærarane og foreldra er dei mest sentrale. Regjeringa ser elles ut til å ville

føre vidare viktige sider ved det noverande skolesystemet, mellom anna ordninga med fritt skoleval og stor vekt på kontroll av skolane. Endringar som er viktige i denne samanheng, er mellom anna:

- Heim-skoleavtalar på alle skolar. Avtalen skal ikkje vere juridisk bindande. Avtalen kan ta opp kva foreldra kan vente av standarden på undervisninga, verdigrunnlaget på skolen, krav til eleven om regulært og presist oppmøte, reglar for disiplin, heimearbeid og avklaring av kva for informasjon foreldra og skolen vil gje til kvarandre.
- Større representasjon av foreldra i styret på skolen (men ikkje fleirtal).
- Obligatorisk foreldrerepresentasjon med røysterett i utdanningskomiteen i kommunane (LEA)
- Nasjonale retningslinjer for heimearbeid.
- Alle skolar på barnesteget (Primary schools) skal ha ein plan for å involvere foreldra i korleis barna lærer å lese og korleis dei kan bli dyktigare i matematikk og litteratur.
- Oppmuntre til meir effektiv læring i familiane. Stimulere til prosjekt for å få til læreprosessar i familjar som ikkje er vande med det.
- Tilrå overfor styra på skolane at dei arbeider for å skipe lokale heim-skoleforeiningar.
- Klarare retningslinjer og betre informasjon om val av skoleplass.
- Departementet skal arbeide meir utoverretta og i samarbeid med foreldra, lærarane, skolane og kommunane.

Endringane vart følgt opp i framlegg til ny utdanningslov 4. desember 1997.

National Confederation of Parent Teacher Associations (NCPTA) er ein nasjonal foreldre-lærarorganisasjon for grunnskolen og dei vidaregåande skolane. Dei har 11 000 medlemsskolar, det vil seie om lag halvparten av alle grunnskolor og dei vidaregåande skolane. I det nasjonale styret skal det alltid vere eit fleirtal av foreldre. Organisasjonen har eit nasjonalt sekretariat med fem tilsette. Organisasjonen blir finansiert med kontingentar frå medlemmene og sal av forsikringar. Skolen er medlem direkte i den nasjonale foreininga. Foreldra og lærarane er og organiserte på kommunenivå (LEA-nivå). Overfor skolane legg NCPTA vekt på å auke foreldreengasjementet og betre samarbeidet mellom heimen og skolen. Dei lokale foreldre-lærarorganisasjonane arbeider mykje med å samle inn pengar til ulike formål på skolen.

2.3.3 Skottland

Det skotske skolesystemet byggjer på eigne lover, som på fleire område skil seg frå dei engelske. Landet er oppdelt i 32 utdanningsområde (Education Authorities – EA), som er ansvarlege for undervisninga både på grunnskolenivå og på nivået for dei vidaregåande skolane. Om lag 95 pst av skolane er statlege, resten er private skolar. Skottland har ikkje ein nasjonal lære-

plan, men nasjonale retningslinjer for utdanninga. I tillegg er det sett opp nasjonale standardar som alle skolane skal prøve å nå opp til.

Foreldra har etter lova ansvaret for å sikre at barna deira får ei utdanning når dei er mellom 5 og 16 år, og det blir lagt til grunn at barna skal få ei opplæring i samsvar med ønska til foreldra. Skotske foreldre har tidlegare ikkje hatt noko særleg sentral rolle i skolen. Det er tradisjon for at rektor har ei sterk rolle. Det har skjedd store endringar i det skotske utdanningssystemet frå 1980-åra, på same måten som i England.

I 1981 vart lova endra slik at foreldra fekk rett til å velje skole for barnet sitt. Den lokale skoleeigaren (EA) fastsette inntaksreglane innanfor visse nasjonale rammer. I motsetning til i England høyrer elevane i utgangspunktet framleis til eit inntaksområde, og må berre søkje om skoleplass dersom dei ikkje vil gå på den skolen som høyrer til inntaksområdet.

I 1988 vart det lovfesta at det kan etablerast styre på skolen (School Board). Styret er samansett av foreldrerepresentantar, representantar frå dei tilsette og frå kommunen. Foreldra skal ha fleirtalet. Styret blir berre etablert dersom fleirtalet av foreldra vil det. No har 74 pst av skolane på barnesteget og 93 pst på ungdomssteget etablert eit styre. Styret har relativt lite ansvar og få fullmakter. Etter lova kan styret søkje om å få meir ansvar. Det er ikkje noko ønskje frå foreldre-lærarorganisasjonen om å gje styret større ansvar.

I 1991 la den britiske regjeringa fram foreldrecharteret for foreldre i Skottland. Det klargjer både rettane og pliktene til foreldra. Charteret vart revidert i 1995.

Skottland har følgd England med at ein kan etablere sjølvstyrte skolar, som er heilt uavhengige av den lokale skoleeigaren. Styret har då det fulle ansvaret for skolen, som blir finansiert direkte frå The Scottish Office (det skotske utdanningsdepartementet). Det er no berre to slike skolar av totalt 2738 skolar i landet.

Det blir lagt stor vekt på inspeksjon av skolane. Den viktigaste reiskapen er HM Inspectors of Schools, som inspiserer og evaluerer skolane. Dei er fagleg uavhengige, men administrativt ein del av det skotske utdanningsdepartementet. HM Inspectors of Schools skal mellom anna be om synspunkt frå foreldra og frå styret på skolen i evalueringa. Rapportane er offentlege.

Skoleeigaren må publisere informasjon om skolane, til dømes eksamensresultata, kor mange elevar som fell ut, skolekostnader og fråvære. Dersom foreldra spør, skal dei få ei handbok som gjev nærare informasjon om desse resultata på deira eigen skole. Alle skolane må i tillegg informere foreldra om den faglege utviklinga til barna deira.

Det er ikkje i lov eller føresegnar regulert korleis foreldra skal medverke på klassenivå.

Labour-regjeringa seier dei legg større vekt på for-

eldrerolla i skolen. Foreldrecharteret blir revidert, og regjeringa ønskjer å auke samarbeidet mellom heimen og skolen i opplæringa av barnet. Konkrete framlegg til omleggingar i skolesystemet blir først framlagde når det skotske parlamentet blir etablert.

Scottish Parent Teacher Council (SPTC) er ein nasjonal foreldre-lærarorganisasjon for grunnskolen og den vidaregåande skolen. Den einskilte skolen er medlem av organisasjonen. Dei viktigaste inntektskjeldene er medlemskontingent og sal av forsikringar. Dei har eit sekretariat som no er på eitt årsverk. SPTC gjev informasjon til foreldra og lærarane og tek vare på foreldreinteressene i statlege komitear. Medlemmene blir informerte om utviklinga gjennom nyhende-brev, og synspunkta deira blir kartlagde gjennom ei årleg undersøking.

Styret på skolane blir støtta og skolerte av the Scottish School Board Association (SSBA). Sekretariatet har fire årsverk. Det er ein sjølvfinansiert organisasjon, som hovudsakleg blir finansiert av medlemskontingent, sal av materiell og liknande.

2.4 OPPSUMMERING

Denne gjennomgangen av korleis foreldremedverknaden og samarbeidet mellom heimen og skolen er organisert, viser (jfr. tabell 2.1):

- Noreg er det einaste landet der det i lov eller føresegnar til lov er slått fast at det bør vere klassekontaktar. I nokre andre land blir det også etablert klassekontaktar. Foreldreorganisasjonane, legg vekt på å få til slike ordningar.
- Berre i Noreg er det gjennom lov slått fast at det skal vere eit fellesorgan av alle foreldre på skolen med eit arbeidsutval (FAU). På Island og i Nederland er det heimla i lov, men avhengig av at foreldra sjølve vil det.
- Det er store skilnader på om det er eit styre på skolen med avgjerdsrett. Det er lovfesta i Danmark, Nederland, England og Irland. I Sverige er det vedteke ei forsøkslov som gjer det mogeleg, dersom skolen og kommunen ønskjer det. Berre i Danmark og i forsøkslova i Sverige har foreldra fleirtalet i eit styre med avgjerdsrett.
- Berre på Island har foreldrerepresentantane lovfesta møte- og talerett i skolenemnda. Labour-regjeringa i England har og gjort framlegg om at foreldra skal vere med i det kommunale organet som har ansvaret for skolen.
- Noreg er det einaste landet der det i lov er slått fast at det skal vere eit rådgjevande statleg foreldreorgan. I alle dei andre landa er det ein eller fleire nasjonale foreldreorganisasjonar, bygde på medlemskap og lokale kontingentar.

Tabell 2.1 Oversyn over det formelle samarbeidssystemet basert på gjeldande lovgjeving.

Land	Tillitsvalde foreldre i klassen	Fellesorgan for foreldre på skolen	Styre på skolen med avgjerdsrett	Foreldre-representant i styret	Foreldra organisert på kommunenivå e.l.	Statleg foreldre-organ
Noreg	Tilrådd i føresegn med ein kvinneleg og ein mannleg klassekontakt	Ja	Til vanleg berre uttalerett. Kommunen kan delegere	Ja, min. 2	Ikkje heimla i lov, men vanleg med kommunale foreldreutval	Utval oppnemnd av departementet (FUG)
Danmark	Ikkje heimla i lov, men vanleg	Nei	Ja	Ja, fleirtal	Nei, berre på fylkesnivå	Nei**
Sverige	Ikkje heimla i lov, men vanleg	Ikkje heimla i lov, men sjølvstendig foreldre-organisasjon	Til vanleg ikkje. Forsøkslov	Foreldra har fleirtal etter forsøksloven	Nei	Nei**
Finland	Ikkje heimla i lov, men vanleg	Ikkje heimla i lov, men sjølvstendig foreldre-organisasjon	Frivillig, men 60 pst av kommunane har det	Ja, min. 3	Nei	Nei**
Island	Ikkje heimla i lov	Ja, dersom foreldra vil	Nei, berre rådgevande foreldreråd	–	Foreldre-representant møte- og talerett i skolenemnda	Nei**
Nederland	Ikkje heimla i lov	Ja, dersom foreldra vil. I tillegg sjølvstendige foreldre-organisasjonar	Ja. I tillegg deltakarråd med uttale- og dels god-kjenningsrett	Eigar avgjer styre-samansetjing. Foreldra halve deltakarrådet	Berre foreldre-organisasjon for dei kommunale skolane	Nei**
England	Ikkje heimla i lov	Ikkje heimla i lov, men vanleg med felles foreldre-lærer organisasjon	Ja	Ja, 1/4 av representantane*	Ikkje heimla i lov, men vanleg med felles foreldre-lærer-organisasjon*	Nei**
Skottland	Ikkje heimla i lov	Ikkje heimla i lov, men mange foreldre-lærer-organisasjonar	Ja, dersom foreldra vil. Styret har liten avgjerdsrett	Ja, fleirtal	Ikkje heimla i lov, men mange foreldre-lærer-organisasjonar	Nei**

* Den nye regjeringa gjer framlegg om at talet på foreldrerepresentantar i styret skal auke noko, og at foreldra skal ha minimum éin representant med fulle rettar i utdanningskomiteen i kommunen.

** Det er ikkje noko statleg foreldreorgan, men uavhengige foreldreorganisasjonar i desse landa. I England og Skottland er det foreldre-lærerorganisasjonar.

3 Analyse av tilhøva i Noreg og andre land

3.1 INNLEIING

I dette kapitlet vert det analysert korleis samarbeidet mellom heimen og skolen faktisk fungerer. Dette blir vurdert på desse nivåa:

- samarbeidet mellom heimen og skolen om dei tilhøva som er viktige for den faglege og sosiale utviklinga av eigne barn (på individnivå og klassenivå)
- korleis foreldra som gruppe tek del i og har innverknad på skolenivå
- korleis foreldra som gruppe tek del i og har innverknad på kommunenivå
- samarbeidet mellom foreldre og styremaktene på nasjonalt nivå

Analysane for Noreg byggjer på fleire undersøkingar, innsamla materiale frå kommunane via Statens utdanningskontor og drøftingar med mellom anna Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG).

Analysane frå andre land byggjer på ein OECD-rapport frå 1997 «Parents as partners in schooling», ei lang rekkje nasjonale rapportar, drøftingar med dei nasjonale undervisningsdepartementa, med representantar for dei nasjonale foreldreorganisasjonane og forskarar frå desse landa som arbeider særskilt med foreldrerolla i opplæringa og med samarbeidet mellom heimen og skolen.

3.2 ANALYSE AV TILHØVA I NOREG

3.2.1 Samarbeidet mellom heimen, klassen og skolen

I 1994 vart det gjennomført ei landsomfattande spørjeundersøking til eit representativt utval av foreldre med barn i tredje, sjette og niande klasse (Vestre 1995). Undersøkinga viste at foreldra er svært interesserte i skolen. Dei har ei positiv holdning til skolen når barnet tek til på skolen, men utviklar ei stadig meir kritisk holdning etter kvart som barnet flytter seg oppover på klassestega.

I undersøkinga er det mellom anna stilt spørsmål om kva for oppgåver skolen bør prioritere. Det er skilt mellom å øve inn dugleik (skrive, lese og rekne), formidle kunnskap (til dømes i naturfag), sosial og moralsk oppseding, og personleg vekst og utvikling for barna. På alle klassesteg legg foreldra mest vekt på personleg utvikling. Foreldra har i stor grad dei same holdningane som lærarane til kva som er viktige oppgåver for skolen. Lærarane på si side trur at foreldra er meir opptekne av kunnskap enn undersøkingane viser at dei faktisk er.

Ni av ti foreldre er nøgde med den informasjonen dei får frå skolen. 73 pst av foreldra meiner skolen stort sett lyttar til det foreldra seier, men 16 pst meiner at det synet foreldra har, ikkje er ønskt. Dei som ofte har kontakt med klassestyraren, har mest positivt syn på om skolen vil lytte. 37 pst seier dei har klaga på læraren eller på andre tilhøve på skolen ein eller fleire gonger. 66 pst av dei meiner skolen har prøvd å rette på tilhøva, medan 16 pst opplevde at skolen var avvissande. Ein tredel av dei foreldra som har klaga, meiner foreldre ikkje torer å klage fordi dei trur det kan gå ut over deira eigne barn.

Møreforskning gjennomførte ei undersøking i fire kommunar i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Oppland og Nordland i 1989–1990 (Kvalsund, Løvik, Myklebost 1991). Det vart lagt vekt på å få fram om det var skilnader mellom fådelte og fulldelte skolar. Undersøkinga femnar om 19 skolar. Om lag 1000 foreldre svarte på eit tilsendt spørjeskjema. Undersøkinga viser mellom anna:

- 81 pst av foreldra møtte på den siste konferansetimen. Dei fleste meinte dei hadde stor nytte av konferansen. Utbyttet av konferansen vart særleg grunngeve med at læraren gav informasjon om deira eigen elev. Nokre grunngev utbyttet med at foreldra fekk høve til å seie frå om sitt eige syn på elevar, lærarar, klasse og undervisning.
- 72 pst var på det siste klasseforeldremøte. 1/3 meinte det var stort utbyte, medan 2/3 hadde midtels eller lite utbyte.
- 45 pst av foreldra møtte på det siste foreldrerådet. Oppmøtet var størst på fådelte skolar.

På oppdrag frå departementet vart det gjennomført ei undersøking om samarbeidet mellom heimen og skolen, med særleg vekt på barnet (Lidén 1997). Det vart mellom anna gjennomført ei spørjeundersøking til foreldre på til saman 17 skolar i 9 kommunar og fylke. Svarprosenten var låg (50 pst) og svara må derfor tolkast med varsemd. 249 foreldre var med i undersøkinga. I tillegg er 80 elevar og 19 lærarar intervjuja. Undersøkinga viser mellom anna:

- Det viktigaste for foreldra i samarbeidet med skolen er å få drøfta korleis barnet trivst og utviklar seg. Deretter kjem ønsket om å vere med på og å skape eit godt klassemiljø og få informasjon om prestasjonane til barnet. Berre eit mindretal av foreldra ønskjer større innverknad på arbeidsformene i skolen, på organisering og undervisningsopplegg eller å vere med i evaluering av skolen.
- Dei formelle kontaktformene med skolen, som foreldremøte og konferansetimane, samlar flest

foreldre. Dei uformelle kanalane er det berre nokre få som brukar ofte. I nesten to av tre tilfelle er det skolen som tek initiativet til kontakt mellom heimen og skolen.

- Dei fleste foreldra er nøgde med konferansetima-
ne. Foreldra meiner at foreldremøta kan bli betre,
og at samtalanane er for dominerte av læraren.
- Foreldra ønskjer seg betre informasjon om verk-
semda i skolen.
- To tredelar av foreldra ønskjer å bruke noko meir
tid på samarbeidet med skolen.
- Foreldra meiner FAU er eit viktig organ, men at ar-
beidet der ikkje er nok til å sikre foreldra innverk-
nad på skolen. Foreldre som er medlemmer i FAU,
meiner mykje av samarbeidet går føre seg på pre-
missar som skolen set. Det kjem ikkje av at skolen
tek seg til rette, men av at foreldra er for lite på ba-
nen og ikkje legg premissane for samarbeidet.
- Barna fortel heime om det spesielle som skjer på
skolen, men dei fleste fortel lite. Barna meiner for-
eldra er lite synlege i kvardagen på skolen. Barna
er stolte når foreldra gjer ein ekstra innsats på sko-
len.
- Dei fleste barna synest det er greitt å vere med på
konferansetimen, men det er vanskeleg å få sagt
det ein ønskjer å seie.

Kristiansen har i doktorgradsarbeidet sitt (Kristiansen 1997) gjennomført ei omfattande undersøking om kva foreldra vil samarbeide med skolen om. Hovudkonklusjonen er at ein kan få til eit større foreldreengasjement om innhaldet i faga dersom det blir lagt opp slik at det blir interessant for foreldra. Viktige føresetnader er at det må skje i eit inkluderande sosialt klima, med tillit til at alle har noko å gje, og i eit språk alle foreldra skjønner.

Foreldra seier i denne undersøkinga, på same måten som i undersøkinga til Lidén, at dei i liten grad er interesserte i å samarbeide om innhaldet i skolen. Det er interessant og viktig å finne meir ut om *kvifor* foreldra svarar slik. Kristiansen har ein hypotese om at foreldra ikkje hadde føresetnader for noko anna. Ho testa hypotesen gjennom å samanlikne nokre skolar som gjennomførte samarbeidet i eit fag (heimkunnskap) på tradisjonell måte, med nokre skolar der både foreldre, elevar og lærarane arbeidde konkret og aktivt saman om å planleggje undervisninga. Det var først ein idédugnad mellom alle foreldra i klassen. Det vart arbeidd vidare i ei plangruppe med to elevar, to foreldre og læraren som utvikla ein plan for faget. Evalueringa viste at foreldra i forsøket meinte dei hadde verka meir inn på resultatet, og at både foreldre og elevar på ein heilt annan måte tok ansvar og støtta opp om å få planen gjennomført samanlikna med på referanseskolorane.

Fem kommunar i Hedmark gjennomførte i perioden 1. juli 1995 til 1. juli 1997 eit utviklingsarbeid om foreldrerettleiing knytt til den praktiske kvardagen. I

sluttrapporten frå dette prosjektet (Hedmarkprosjektet 1997) blir desse konklusjonane dregne:

- I samarbeidet mellom heimen og skolen er det eit uutnytta handlingsrom som må bli teke i bruk
- I plan for verksemda og informasjonen frå skolane må ein synleggjere samarbeidet
- Skolen må avprivatisere foreldresamarbeidet. Læraren har ikkje aleine ansvaret for samarbeidet. Leiinga på skolen må ta ansvaret for at skolen har eit heilskapleg opplegg, og for at arbeidet blir evaluert både av personalet på skolen og av foreldra
- Ein kan leggje til rette for samarbeidet med foreldra gjennom betre bruk av arbeidstidsavtalen til lærarane.
- Dei formelle og uformelle møteplassane må vere i sentrum og utviklast.

Møreforsking kartla på oppdrag frå departementet undervisninga for barn og unge med særskilde behov i grunnskolen og i den vidaregåande skolen (Moen og Øie, 1994). I rapporten heiter det at det er noko overraskande at skolane berre har samarbeid med foreldra til 57 pst av elevane. Det vart utarbeidd ein individuell opplæringsplan for 46 pst av elevane som får spesialundervisning. Men berre for 9 pst av elevane med ein slik plan har foreldra vore med på å utforme planen.

Møreforsking har gjennomført ei omfattande evaluering av omstruktureringa av spesialundervisninga (Skårbrevik 1996). Evalueringa syner at om lag halvparten av foreldra er svært godt nøgd med samarbeidet med skolen. Holdninga er mest positiv på småskolesteget og lågast på ungdomssteget. Holdningane frå foreldra er generelt noko meir positive enn ei tilsvarende undersøking i 1993 (Moen og Øie, 1994). Møreforsking meiner at ein overraskande stor del av foreldra ikkje har hatt kontakt med den pedagogisk-psykologiske tenesta. 40 pst av foreldra meiner dei har fått nok informasjon om dei rettane barna deira har. Dei aller fleste lærarane seier dei har samarbeidd med foreldra, og i grunnskolen vurderer læraren dette som nyttig i over 90 pst av tilfella.

I samband med omstruktureringa av spesialundervisninga vart det sett ned eit sentralt brukarforum, med 29 organisasjonar som medlemmer. Forumet skal vere ein møteplass mellom departementa og brukarorganisasjonane. Intensjonen er at brukarane skal komme tidleg med i avgjerdsprosessen. Forumet melder om at foreldre til funksjonshemma barn har vanskar i samarbeidet med skolen og med PP-tenesta.

3.2.2 Samarbeidet på skolenivå

Departementet fekk gjennomført ei undersøking våren 1997 om arbeidet i Foreldrerådets arbeidsutval (FAU). Undersøkinga vart gjennomført av Feedback Research AS. Det vart sendt spørjeskjema til 1000 skolar over heile landet. 51 pst sende inn svar. Svara må tolkast

med varsemd fordi svarprosenten er så låg. Undersøkinga viste mellom anna:

- 94 pst av skolane hadde valt klassekontaktar.
- 13 pst av skolane hadde skipa til kurs for klassekontaktane.
- 79 pst av FAU fekk informasjon om oppgåvene og rollene sine frå rektor, og 64 pst frå det avtroppande FAU.
- 86 pst av FAU hadde fått rundskriv og liknande informasjon frå Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), medan 38 pst hadde fått frå kommunen og 27 pst frå departementet.
- FAU samarbeider med skoleleiinga, med samarbeidsutvalet og klassekontaktane. Dei viktigaste samarbeidsoppgåvene er tilskipingar eller dugnader på skolen, trafikksikringstiltak og drøfting av satsingsområda på skolen.
- 67 pst av FAU meinte dei hadde eit godt eller svært godt samarbeid med samarbeidsutvalet, og 87 pst sa tilsvarande om samarbeidet med leiinga på skolen
- 51 pst av FAU var bedne om å vere med i drøftingar i kommunen om saker som galdt deira eigen skole
- 93 pst sa dei hadde fått Foreldrekontakten frå FUG

Det ligg ikkje føre noka systematisk oppsummering på landsplan frå forsøk med å gje foreldra større medverknad på skolenivå. Departementet har i samband med meldingsarbeidet samla inn materiale gjennom utdanningskontora for å få meir oversikt over korleis samarbeidet mellom heimen og skolen fungerer, og kva som blir gjort for å auke foreldreengasjementet i skolen. Dette viser at det svært mange stader er eit konstruktivt og aktivt samarbeid mellom heimen og skolen, og at mange foreldre er engasjerte. Det skjer stort sett innanfor rammene av grunnskolelova.

Departementet har valt å trekkje fram nokre få døme på utviklingsprosjekt for å betre samarbeidet på skolenivå. Desse døma er valde fordi prosjekta er systematisk evaluerte av eksterne fagmiljø, og resultatane er godt dokumenterte.

SUND KOMMUNE

I perioden 1988–1991 vart det gjennomført eit frikommuneforsøk i Sund kommune, Hordaland. Det var eit omfattande organisasjonsutviklingsprosjekt med tre delprosjekt; lokale skolestyre, utvikling av skolane til lokale kultursentra og utvikling frå fagdelt til emnedelt undervisning. Forsøket med lokale skolestyre vart vidareført til 1995. Kommunal- og arbeidsdepartementet godkjende 27. juni 1988 ei føresegn om frikommunevedtekt om lokalt skolestyre. Det heiter i føremålet:

«Føremålet med lokale skolestyre er å gje foreldra reell medverknad gjennom eit forpliktande samarbeid med skolen, og gje dei tilsette sterkare innverknad og medverknad på eigen arbeidsplass.»

Foreldra fekk fleirtalet i styret. Dei vart valde på eit eige valmøte for alle foreldre med barn på skolen. I tillegg var det representantar for dei tilsette, valde eller utnemnde av arbeidstakarorganisasjonane. Rektor var sekretær. Styret avgjorde sjølve kven andre som hadde rett til å møte. Styret hadde avgjerdsrett i saker som gjeld (§ 3 i føresegna):

- skolebudsjetten innanfor dei tildelte rammene
- opningstida på skolen
- organiseringa av undervisninga
- timeplanen
- det lokale læreplanarbeidet
- fag- og timebyteplanen
- ordensreglane

I rapport nr. 1/91 frå Vestlandsforskning (Fosse 1991) er forsøket evaluert. Dei følgde prosjektet dei to første åra. Evalueringsmetoden har vore dokumentanalyse og intervju med deltakarane på fire lokale skolestyre og den politiske og administrative leiinga i kommunen. Rapporten dreg mellom anna desse konklusjonane:

- I utgangspunktet meinte foreldra at skolen og foreldra hadde felles interesser, og at skolen skulle vere eit forum for reelt samarbeid mellom heimen og skolen. Men dei kjende seg «overkøyrde». Det vart grunngeve med at dei mangla kunnskap om skolen, lærarane var fagfolk, medan foreldra var lekfolk, foreldra opplevde at lærarane dreiv fagforeiningspolitikk i styret, og foreldra var usikre på kven dei var representantar for.
- Foreldreinnverknaden i styret var heilt avhengig av dei holdningane rektor hadde til foreldremedverknaden og av korleis rektor la opp møta i styret. På dei fleste skolane opplevde foreldra at dei ikkje hadde særleg innverknad.
- Foreldra hadde vanskar med å få sine syn igjennom. Dei opplevde skolen som gjennomregulert, og at lærarane hadde stor makt.
- Det store fleirtalet av foreldre var ikkje meir engasjerte enn tidlegare. Vestlandsforskning peikar på at det kan ha kulturelle forklaringar. I kommunen har primærnæringane tradisjonelt dominert, utdanningsnivået har vore lågt, og det har vore stor respekt for læraren. Det kan og ha samanheng med at foreldra er mest interesserte i sine egne barn, ikkje i dei prinsipielle sakene styret avgjer.

Vestlandsforskning stiller seg tvilande til om dei lokale skolestyra, slik dei fungerte i Sund, representerer eit aukande demokratisk element. Etter at forsøksperioden vart avslutta, har kommunen gått tilbake til samarbeidsutval i samsvar med grunnskolelova.

KRISTIANSAND KOMMUNE

Agderforskning har gjennomført (Hernes 1993) ei evaluering av forsøk med større sjølvstyre på fire skolar i Kristiansand. I styra har ingen grupper fleirtal. Styret

fekk avgjerdsrett på visse område, mellom anna til ein viss grad rett til å omdisponere innanfor budsjettet. Rektor er sekretær. Foreldra blir valde i direkte val. Evalueringemetoden var ei etterundersøking (spørjeskjema og intervju) på dei fire forsøksskolane samanlikna med fire andre skolar i kommunen. Det vart ikkje gjort foranalysar, slik at ein ikkje kan seie noko heilt sikkert om kva som har skjedd på dei fire forsøksskolane i forsøksperioden. I evalueringa kom desse hovudkonklusjonane fram:

- Både foreldra og rektor på dei sjølvstyrte skolane oppfatta at dei hadde fått større innverknad i styret samanlikna med det dei hadde i det tidlegare samarbeidsutvalet. Lærarane meinte dei hadde fått mindre makt. Både foreldremedlemmer i styret og klassekontaktane meinte dei fekk større gjennomslag for idear og framlegg enn tidlegare.
- Styret vart oppfatta som eit organ med innverknad på skolen, i motsetnad til samarbeidsutvalet.
- Det var meir diskusjon og usemje i styret enn i det tidlegare samarbeidsutvalet, men ingen faste konstellasjonar i diskusjonane.
- Det var betre kontakt mellom foreldra i styret og klassekontaktane enn tidlegare.
- Foreldra og lærarane hadde fått større innsikt i rollene til kvarandre etter at sjølvstyret vart innført.
- Auka handlefridom (omdisponeringar) vart bruka til beste for elevane.
- Det var betre relasjonar mellom skolen og foreldra og betre interne tilhøve på forsøksskolane enn på dei fire andre skolane som vart evaluerte. Med den evalueringemetoden som er vald, er det likevel usikkert om det har samanheng med forsøket eller med særlege tilhøve på skolane.

Bystyret i Kristiansand har vedteke at større sjølvstyre etter kvart skal gjennomførast på alle skolane i kommunen.

OSLO KOMMUNE

Det er gjennomført forsøk med desentralisering og større sjølvforvaltning på skolane i Oslo sidan midt i 1980-åra. Frå 1. januar 1990 vart det etablert styre på ti grunnskolar, med større ansvar og avgjerdsrett og med foreldra i fleirtal. Rektor var sekretær, men ikkje medlem av styret. Ni andre skolar vart valde som referanseskolar for å få fram røysler frå forsøket.

Kort tid etter at forsøka tok til, kom St meld nr 37 (1990–91) Om organisering og styring i utdanningssektoren. Det blir der peika på at driftsstyre på skolane kan vere ein veg å gå. Dei ni referanseskolane vart spurde om å vere med i eit forsøk med eit slikt driftsstyre. I tillegg til dei ni referanseskolane vedtok kommunen – etter ønske frå skolane – at fire av skolane med foreldrefleirtal i styra skulle setje i gang med eit slikt forsøk frå mars 1992 (tre av skolane hadde ungdomssteg). På den måten fekk ein to ulike forsøk i kommunen, med og utan foreldrefleirtal, på kort tid.

Måla for forsøka med foreldrefleirtal var mellom anna å:

- leggje til rette for eit meir forpliktande samarbeid og la foreldra få ein reell innverknad på skolen
- la skolane sjølve prioritere oppgåvene sine og disponere ressursane
- gjere skolane i stand til å møte utfordringane i Mønsterplanen (M 87)
- gje rektor handlingsrom til å leie drifta og gje dei tilsette større innverknad
- få betre pedagogiske resultat

Styra fekk delegert avgjerdsrett for oppgåver det tidlegare samarbeidsutvalet i stor grad kunne uttale seg om. Styret fekk ikkje personalansvar og kunne berre omdisponere driftsmidlar (ikkje mellom lønn og drift).

Både prosjektet med foreldrefleirtal i styret og forsøket med driftsstyre vart evaluerte av Senter for lærarutdanning og skoleteneste på Universitetet i Oslo. Senteret kom først inn etter at forsøket med foreldrefleirtal hadde gått i om lag to og eit halvt år. Det vart gjennomført ei spørjeskjemaundersøking med alle deltakarane i dette prosjektet, og intervju etterpå med representantar for alle gruppene. Undersøkingane gjer at ein i rapporten dreg desse konklusjonane frå *forsøka med foreldrefleirtal* (Aaserud 1992):

- Rektorane har stor og avgjerande innverknad på kva for saker styret har teke opp. Det blir og stadfesta av dei rektorane som vart intervjuet. Ingen av dei rektorane som vart intervjuet, såg det som noka ulempe at dei ikkje hadde røysterett i styret.
- Styra fekk ikkje særleg delegert avgjerdsrett og hadde avgrensa innverknad på verksemda i skolen. Det hadde samanheng med at det samtidig var økonomiske innstrammingar i skolen slik at det ikkje var reelt handlingsrom, få oppgåver delegerte frå skolesjefen og ingen dispensasjon frå det regel- og avtaleverket som galdt.
- Det var eit stort engasjement mellom deltakarane i styret, men ein greidde ikkje å engasjere foreldre eller lærarar utanom styret i større grad. Det ga ikkje foreldra som gruppe større innverknad i skolen.
- Rektor hadde stort handlingsrom.
- Det var eit svært godt samarbeid i styret. Foreldra, dei tilsette og rektor opplevde at dei arbeidde mot det same målet. I dei få tilfella styret tok opp saker som vart oppfatta som pedagogiske, var det ein viss tendens til maktkamp og interessenmotsetningar.

Når det gjeld forsøka med foreldrefleirtal, konkluderer rapporten med at det ikkje synest å vere mogeleg å få ein særleg grad av sjølvforvaltning innanfor det regel- og avtaleverket som gjeld. Det blir peika på faren for at foreldra kan bli gislar for krav og ønske frå dei tilsette. Dersom norsk skolepolitikk i åra framover utviklar desentraliseringa vidare, konkluderer rapporten med at det er best at ingen interessegrupper i skolen

har fleirtal. Det er ein føresetnad at det blir færre bindingar i sentrale avtalar og føresegnar. Det heiter vidare:

«Skal brukerinteressene reelt komme sterkere inn i skolen, må det jobbes på to plan. Det er viktig å bygge vidare på styringssystemer der foreldre og elever trekkes inn i beslutningsprosesser på organisasjonsplan, ved representasjon i skolens driftsstyrer. Men like viktig, for mange kanskje viktigere, er å arbeide vidare med et mer forpliktende samarbeid mellom ansatte (lærere) og brukere (elever og foreldre) på individ- og klassenivå i skolen. Her er engasjementet i hele foreldregruppen bedre, og muligheten for å påvirke den pedagogiske virkeligheten større.»

I forsøka med *driftsstyre* var styret på seks medlemmer; rektor (leiar), to lærarrepresentantar, éin frå andre tilsette og to foreldrerepresentantar valde av FAU. To elevar var til stades utan røysterett. Inspektøren var sekretær. Driftsstyret i grunnskolen hadde oppgåver og ansvar som samarbeidsutvalet. I tillegg tilsette det i vikariat og engasjement, og kom med fråsegn i samband med tilsetjing i faste stillingar på skolen. I sluttrapporten frå forsøket (Anker og Hauge 1993) heiter det at forsøka viste at det var potensiale for å involvere deltakarane på ein meir forpliktande måte. Engasjementet var avhengig av interessa og av kompetansen til styremedlemmene og av den leiारforma rektor valde. Til no hadde forsøka ikkje ført til større foreldreengasjement.

3.2.3 Foreldreengasjement på kommunenivå

Kommunale foreldreutval tek opp saker av felles interesse for alle foreldre med barn i grunnskolen i ein kommune. Dei arbeider med å støtte foreldrearbeidet på skolane og med skolepolitiske saker overfor den administrative og politiske leiinga i kommunen. Utvala blir valde av representantar for foreldra på alle grunnskolane i kommunen.

Det er som nemnt inga lovregulering av foreldreengasjementet på kommunenivå. Likevel blir det etablert kommunale foreldreutval i stadig fleire kommunar. Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) gjennomførte våren 1994 ei spørjeundersøking til alle kommunane. Undersøkinga synte at det var etablert kommunale foreldreutval i 124 kommunar, og at fleire utval var under etablering. Pr. 1. februar 1997 har FUG registrert 162 kommunale foreldreutval. Det er ikkje gjort noka systematisk evaluering av kva dei kommunale foreldreutvala arbeider med eller har fått til. Undersøkinga frå 1994 gjev desse opplysningane:

- kommunen tok initiativet til å etablere 50 pst av utvala, foreldra 37 pst og foreldra i samarbeid med skoleadministrasjonen i 11 pst
- meir enn 70 pst av utvala får praktisk hjelp frå kommunen, og 66 pst av utvala møter i det politiske utvalet, som har ansvaret for skolesaker (dei fleste med møte- og talerett)

Dette viser at det mange stader er eit nært samarbeid

mellom det kommunale foreldreutvalet og kommunen. Endå om det berre er kommunale foreldreutval i godt og vel ein tredel av alle kommunane, femner det om alle større kommunar og ein stor del andre kommunar med fleire grunnskolar. Det relativt sett store talet på kommunale foreldreutval er eit uttrykk både for at ein lokalt kan trenge eit slikt samarbeidsutval, og syner at mange foreldre engasjerer seg i skolesaker ut over det som direkte har med eige barn å gjere.

3.2.4 Foreldreengasjement på nasjonalt nivå

Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit lovfasta, rådgjevande organ oppnemnt og finansiert av departementet. Utvalet skal ha leiar, nestleiar og fem andre medlemmer. Funksjonstida er fire år. Medlemmene bør ha barn i grunnskolealderen eller i førskolealderen og ha arbeidd aktivt som foreldrerepresentant i ein skole, barnehage, foreldreorganisasjon eller liknande. Det bør vere ein representant med funksjonshemma barn og ein med framandspråkleg bakgrunn i utvalet.

Departementet tek vare på sekretariatsoppgåvene til FUG. Utvalet skal ha eigen identitet gjennom logo og brevpapir. Utvalet legg vekt på å støtte arbeidet i dei kommunale foreldreutvala og klassekontaktane på skolane. Dei sender ut eit informasjonsskriv («Foreldrekontakten» – tidlegare «FUG-skriv») til alle skolane fire gonger i året og gjev ut mykje informasjonsmaterieill for å betre samarbeidet mellom heimen og skolen. Foreldrekontakten har eit opplag på 110 000 eksemplar, og det blir i tillegg selt om lag 25 000 andre publikasjonar kvart år. Utvalet kjem med råd til departementet på eit tidleg tidspunkt i saker som er viktige for foreldra, til dømes læreplanarbeidet, og er formell høyringsinstans når utkast blir sende på høyring.

I ei spørjeundersøking til Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) frå juni 1997 viser det seg at heile 93 pst kjenner til Foreldrekontakten. Berre 7 pst seier at dei ikkje kan hugse å ha fått noko eksemplar av dette skrive.

Sekretariatet til FUG får svært mange spørsmål både frå foreldra og skolane. Sekretariatet opplyser at dei i gjennomsnitt får om lag 200 telefonar kvar veke. Spørsmåla gjeld mellom anna foreldrerettar og lover, korleis foreldra skal gå vidare når dei er misnøgde med læraren, eller når det er andre konflikhtar i skole-samfunnet, spørsmål om skolenedlegging og endringar i kringsgrenser, om inneklima og generell rettleiing til nye tillitsvalde foreldre.

Departementet er kjent med at fleire oppfattar det slik at Foreldreutvalet for grunnskolen ikkje er uavhengig av departementet. Det kan mellom anna ha samanheng med oppnemningsmåten og med plasseringa av sekretariatet. Departementet kjem tilbake til spørsmålet om den framtidige organiseringa av FUG i kapittel 6.

3.2.5 Oppsummering

Foreldra har stor interesse av det som skjer i skolen. Foreldra ønskjer samarbeid om eige barn og klasse- miljøet. Forsøk viser at dei og er interesserte i samarbeid om innhaldet i undervisninga dersom læraren legg opp til konkrete og aktive samarbeidsprosessar.

Større ansvar til styret og større engasjement frå foreldra i styret fører ikkje automatisk til at foreldra elles blir meir engasjerte. Det verkar som om holdninga til rektor er viktigare for å få til eit breitt foreldreengasjement enn den avgjerdsretten styret eller samarbeidsutvalet har.

Det er interessant å merke seg at talet på kommunale foreldreutval aukar. Det viser at mange foreldre er opptekne av skolesaker ut over sine eigne barn.

Departementet meiner at systemet med klassekon- taktar er eit viktig grunnlag for å få til eit godt samarbeid og foreldreengasjement på klasse- og skolenivå.

3.3 ANALYSE AV TILHØVA I DEI ANDRE NORDISKE LANDA

3.3.1 Danmark

Danmark er det einaste landet i Norden der foreldra har fleirtal i styret på skolen. Styret har ikkje arbeids- gjevar- eller budsjettkompetanse. Dei tek for det meste opp prinsipielle spørsmål, medan skoleleiaren har det daglege ansvaret og tek alle konkrete avgjerder, jf kap. 2.2.1.

Etter initiativ frå Folketinget vart det i 1994 gjen- nomført ei evaluering av korleis endringane i folke- skolelova fungerte (Cranil 1994). 86 pst av kommunane har delegert avgjerdsrett i budsjettsaker (med stor rett til å disponere innanfor den budsjettamma kom- munane har gjeve). 64 pst av kommunane har delegert avgjerdsrett på det pedagogiske området (til dømes fordele timerammer, spesialundervisning, skipe klas- sar, skole-/heimsamarbeidet). 40 pst av kommunane arbeider med ytterlegare desentralisering. Når det gjeld korleis dei ulike partane meiner endringane fun- gerer, er konklusjonane i rapporten at:

- Kommunane er godt nøgde med omleggingane.
- Tre firedelar av foreldra opplever samarbeidet med skoleleiinga som positivt. Men mykje er av- hengig av holdningane til skoleleiaren.
- Styra er ikkje nøgde med kontakten med kommu- neleinga. Styra meiner kommunen ikkje tek deira syn på alvor. På den andre sida meiner kommune- politikanane at styra har mest makt i skolesaker et- ter administrasjonssjefen.
- Skoleleiaren har stor innverknad på arbeidet i sty- ret. Foreldra har fått større innverknad på avgjer- der om det daglege livet i skolen. Men innverkna- den blir mindre dess nærare ein kjem den konkrete undervisninga. Styra arbeider mykje med skole-/ heimsamarbeid, budsjettet og med dei timetala fa- ga skal ha på dei einskilde klassestega. Foreldre-

representantane og skoleleiaren tek dei fleste ini- tiativa til saker i styret.

- Foreldrerepresentantane har problem med å halde god kontakt med andre foreldre på skolen, er usik- re på sitt eige mandat og har vanskar med å enga- sjere andre foreldre.
- Det er relativt lik blanding med foreldre av begge kjønn i styra. Personar over 40 år, relativt velut- danna, er overrepresenterte, særleg mellom leiara- ne i styra (men den skeive representasjonen er langt mindre enn i andre former for politisk delta- king).
- 56 pst av foreldrerepresentantane er ikkje villige til attval. Det blir grunngeve med at dei manglar reell innverknad, har for tronge rammer for av- gjerdsrett, at det er vanskeleg å samarbeide med nokre skoleleiarar, eller at det er for tidkrevjande.

I rapporten heiter det at ei vellukka desentralisering krev at måla er velkjende, aksepterte av dei involverte partane og så presise at dei kan leggje ein praksis for arbeidet.

Skole og Samfund, som er medlemsorganisasjo- nen for foreldrerepresentantane i skolestyret, viser til fleire andre evalueringar som ikkje samsvarar med re- sultata til Cranil. Organisasjonen meiner særleg at det er for positive svar på korleis samarbeidet mellom for- eldra og skoleleiinga fungerer. Det kan ha samanheng med korleis spørsmålet er stilt. Organisasjonen viser og til at mange ikkje vil ta attval, og at oppslutninga frå foreldra er redusert.

Skole og Samfund meiner foreldra blir motiverte for å vere med i verksemda på skolen når dei opplever at dei har reell innverknad på det som skjer i klasse- rommet. Organisasjonen gjorde overfor Folketinget framlegg om at styret burde få fullmakt til å ta kon- krete avgjerder i saker som går på innhald og på kvali- teten på undervisninga. Dei meiner det må bli klarare ansvarsliner mellom kommunen, skolestyret og skole- leiaren.

I eit doktorgradsarbeid der ein følgde foreldra og dei tilsette på skolar i tre år (Nørgaard Kristensen, 1997), kjem det fram at foreldrerepresentantane i sko- lestyret er skuffa og frustrerte fordi dei opplever at dei prinsippvedtaka dei gjer, ikkje fører til endringar i klasserommet og undervisninga. Nørgaard Kristensen meiner derfor at skolestyret må ha innverknad på den daglege drifta.

I OECD-rapporten («Parents as Partners in Schoo- ling, 1997) blir det hevda at nokre kommunar ikkje de- legerer nok ansvar til styret, og at ein del rektorar held tilbake informasjon fordi dei ikkje vil involvere for- eldra. Det blir hevda at foreldra er lite interesserte i å bruke den makta fleirtalet i styret gjev, men heller prø- ver å få til konsensus. Rapporten meiner det er ein stor mangel i systemet at foreldra ikkje er med på kommu- nenivå, til dømes på rektormøta.

Ei større undersøking mellom innbyggjarar i Dan- mark og Sverige (Andersen, Asbjørnsen og Hoff

1995) viser at 73 pst av dei danske foreldra meiner dei har godt eller svært godt høve til å påverke tilhøva på skolen til sine egne barn. Den same undersøkinga viser at nesten alle av foreldra har vore på foreldremøte, og at halvparten har teke del i andre aktivitetar på skolen. Nesten halvparten av foreldra hadde teke initiativ til å påverke tilhøva på skolen til barna det siste året. Ein tredjedel av dei opplevde dei hadde kome igjenom med initiativet sitt. Endå om det er delte meiningar mellom foreldra om korleis dei fungerer i dei formelle posisjonane (skolestyret), viser undersøkingane at danske foreldre er engasjerte og meiner dei har innverknad på skolen, særleg i meir uformelle samanhengar.

3.3.2 Sverige

I Sverige har det vore liten tradisjon for foreldremedverknad i skolen jf. omtale i kap. 2.2.2. I den dansk-svenske undersøkinga ovanfor meiner berre 3 pst av dei svenske foreldra at dei har eit godt eller svært godt høve til å påverke tilhøva på skolen til sine egne barn.

Av Bilden av Skolan 1996 frå Skolverket går det fram at få foreldre vel ein annan skole enn den næraste skolen. I fire av fem kommunar er det under 2 pst som vel annleis. Opp mot 15 pst brukar denne retten i nokre kommunar. Foreldre med høgt utdanningsnivå vel oftare andre skolar.

Dei fleste kommunane og skolane har planar for samarbeid mellom heimen og skolen. Likevel viser fleire undersøkingar, slik det går fram i Skolverket, at foreldra meiner dei har for liten innverknad. Forsøkslova som vart sett i verk 1. juli 1996, har vorte møtt med stor interesse og har sett i gang mykje debatt på skolane. Det er framleis for tidleg å dra konklusjonar om korleis lova fungerer. Pr. september 1997 arbeidde 52 skolar etter forsøkslova, og fleire ligg i startgropa, hevdar Skolkommitten.

Sverige har ein sjølvstendig foreldreorganisasjon, Riksförbundet Hem och Skola, der om lag 30–35 pst av foreldra med barn i grunnskolen er medlemmer. Dei opplever at skolane har større interesse for samarbeidet mellom heimen og skolen, og at fleire foreldre er opptekne av det som skjer i skolen. Likevel blir medlemstalet i organisasjonen redusert. Dei meiner sjølve det kan ha samanheng med at dei lokale foreiningane i stor grad driv med sosiale tilstellingar og ikkje lokale skolepolitiske saker.

3.3.3 Finland

Kommunane har ansvaret for drift av grunnskolen og avgjer korleis foreldremedverknaden kan organiserast, jf. omtale i kap. 2.2.3.

Dei store innsparingane kommunane måtte gjennomføre i 1990-åra, har ført til ein sterk auke i foreldreengasjementet. Styret kan ha vesentleg innverknad på skolen. Det er ikkje gjort nokon omfattande analyse av korleis dette fungerer. Det er likevel ein indikasjon

at om lag 40 pst av alle kommunane har valt å ta vekk styret. Departementet arbeider med å utvikle eit nasjonalt evalueringssystem. Det ligg ikkje føre evalueringar av korleis samarbeidet mellom heimen og skolen fungerer, eller av korleis foreldra faktisk er engasjerte i skolesamfunnet.

3.3.4 Island

Det har skjedd store endringar i det islandske skolesystemet dei seinare åra, og det blir lagt stor vekt på foreldrerolla og medverknad frå foreldra i skolesamfunnet. Skolen blir rekna som eit samfunn med tre likeverdige partar: elevane, dei tilsette og foreldra. Det er brei politisk semje om å styrkje samarbeidet mellom heimen og skolen, jf. omtale i kap. 2.2.4.

Det er no reine foreldreforeiningar på godt og vel 50 pst av skolane, medan om lag ein tredel har foreldre-lærarforeiningar. Det er problem med å få engasjert foreldra fordi dei arbeider svært mykje (i 90 pst av familiane er begge i arbeid i tillegg til at minst éin har ekstrajobb), og fordi det mange stader er store avstandar til skolane. Ansvaret til familien har vore mykje debattert i det islandske samfunnet, og det er no ein klar tendens til at foreldra brukar meir tid saman med barna. Det er ikkje gjort noka systematisk evaluering av kva slags innverknad foreldra meiner dei har i høve til skolen.

Gjennom utdanningslova av 1995 vart det pålagt å etablere foreldreråd på alle skolar. Ei undersøking frå utdanningsdepartementet (Menntamálaráðuneytith, mars 1997) viste at det var etablert eit slikt råd på 71 pst av skolane eitt år etter. Jamvel om det var stor motstand frå lærarorganisasjonen og organisasjonen for rektorane mot obligatorisk foreldreråd, viste undersøkinga at dei fleste var einige i at det vart etablert eit foreldreråd. Det er attraktivt å vere med i foreldrerådet, fordi ein opplever at ein har innverknad på skolen. Etter så kort tid seier likevel 47 pst av skolane at dei har vurdert planen for verksemda, 31 pst har kravd opplysningar, og 27 pst har følgd med på korleis planane blir gjennomførte.

3.3.5 Oppsummering

Danmark skil seg ut som det nordiske landet utanom Noreg der foreldra meiner dei har eit særleg godt samarbeid med skolen og har innverknad på tilhøva til sine egne barn på skolen. Det må vi sjå i ein historisk-kulturell samanheng. Dette er også grundig dokumentert i avhandlinga til Anders Lindbom (Lindbom 1994), der han analyserer utviklinga i foreldreinnverknaden i grunnskolen i dei tre skandinaviske landa. Det er viktig å merke seg at holdninga hos rektor til foreldredeltaking er avgjerande for om foreldrerepresentantane meiner styret på skolenivå fungerer bra.

Endå om foreldra er engasjerte i høve til sine egne barn, har foreldrerepresentantane i skolestyret i Danmark vanskar med å halde god kontakt og skape enga-

sjement hos dei andre foreldra. Det kan mellom anna ha samband med at foreldrearbeidet elles ikkje er organisert på skolane, og som foreldrerepresentantane i skolestyret kan halde kontakt med. Gjennom fleirtal i skolestyret har foreldra fått større innverknad på avgjerder om det daglege livet i skolen. Men innverknaden blir mindre dess nærare ein kjem den konkrete undervisninga. Interesse mellom foreldra for val til skolestyret er redusert, og fleire foreldrerepresentantar trekkjer seg i perioden. Det tyder på at skolestyret ikkje har fått den sentrale rolla i skolen som det var tiltenkt. Det står igjen å sjå om dei tiltaka som Folketinget no har vedteke, er nok til å auke interessa og skape auka engasjement mellom foreldra.

Det er interessant å merke seg at Sverige, der skolen tradisjonelt har vore sterkt statleg styrt, no opnar for større valfridom og foreldrefleirtal i styret på skolen. Det er for tidleg å dra konklusjonar om kva det fører til for foreldremedverknaden i skolen. På Island ser vi og ei utvikling med større vekt på samarbeid mellom heimen og skolen.

3.4 ANALYSE AV TILHØVA I ANDRE LAND

3.4.1 Nederland

Etter utdanningslova skal det vere eit deltakarråd på alle skolar, med uttalarrett. Styret har avgjerdsrett, men det kan ikkje avgjere viktige prinsipielle spørsmål utan at deltakarrådet er einig. Det er ikkje regulert gjennom lov om foreldra skal vere medlem i styret, jf. omtale i kap. 2.3.1.

Foreldreorganisasjonane meiner at jamvel om foreldra formelt sett kan ha stor innverknad på skolen, fungerer det ikkje slik i praksis. Både deltakinga og innverknaden frå foreldra varierer mykje. Dei fleste foreldra er særleg interesserte i sine egne barn og i klassemiljøet. Foreldreorganisasjonane legg derfor vekt på å organisere foreldrearbeidet ut frå klassen. Dei prøver mellom anna å få til ordningar med klassekontaktar og heim-skolekontraktar for å klargjere plikter og rettar for både foreldra og skolen.

Ei evaluering (Smit og van Esch, 1993) syner at det ikkje er nokon samband mellom talet på aktivitetar utførte av foreldra, og storleiken på skolen.

I 1988 vart det gjort ei evaluering av kva innverknad styret meinte dei hadde, samanlikna med andre partar i skolesamfunnet (van Esch 1988). Det kom fram at skoleleiinga hadde mest innverknad i utdanningsspørsmål og organisasjonsspørsmål, medan styret særleg hadde innverknad på administrative spørsmål (økonomi og tilsetjingar).

Deltakarrådet synest i praksis ikkje å ha nokon særleg innverknad i skolen. Det er problem med å få foreldre til å stille opp og halde fram som representantar i rådet. Holdninga hos rektor til foreldremedverknad er særleg avgjerande for korleis samarbeidet fungerer.

60 pst av alle lærarar brukar foreldra i skolen, både til praktiske oppgåver og til hjelp med undervisninga.

Det er vanleg at foreldra tek seg fri frå arbeidet for å kunne stille opp. Endå om foreldra på den måten kjem inn i skolen, viser røynslene at dei likevel ikkje får innverknad på sjølve undervisningsopplegget.

37 pst av folket i Nederland har innvandrarbakgrunn. Det blir gjennomført mange prosjekt for å få til eit betre samarbeid mellom skolen og foreldre frå språklege minoritetar. Det blir mellom anna mangstader etablert for mødrer som kan diskutere si eigen situasjon og saker av felles innhald som har med skolen å gjere. Det er ikkje gjort noka systematisk evaluering av desse prosjekta. Men det ser ut som om slike fora kan vere eit viktig steg for å få foreldra meir engasjerte i skolen.

Det frie skolevalet har lang tradisjon og står sterkt i Nederland. Det er ikkje gjort systematiske evalueringar av kva for konsekvensar det har, til dømes for kvaliteten på skolen eller for samarbeidet mellom heime og skolen.

3.4.2 England

I England må alle foreldre velje skole for barna sine. Det er eit styre på skolane med stort ansvar, og foreldra har ein firedel av representantane. Det er elles ikkje regulert gjennom den noverande lovgjevinga korleis foreldra kan organisere seg på skolenivå, kommunenivå eller nasjonalt nivå. Det blir lagt stor vekt på inspeksjon av skolane, jf. elles omtale i kap. 2.3.2.

Det blir lagt stor vekt på å gje foreldra informasjon for å kunne velje skole. Evalueringar (Counterpoint 1995) viser at foreldre med arbeidarklassebakgrunn har problem med å forstå den offisielle informasjonen. Dei hadde stor interesse for skolen. Dei ønskte særleg kontakt med læraren, men visste ikkje korleis dei skulle gjere det og korleis dei kunne støtte barna i undervisninga. Dei viktigaste informasjonskjeldene for dei var andre foreldre, deira egne barn og andre barn.

Når elevane frå same område vel å gå på ulike skolar, blir elevane i eit område ikkje så godt kjende med kvarandre og det blir vanskelegare å få skolen til å fungere som eit senter for nærmiljøet.

Ei anna undersøking (COI Research Unit, 1995) viser at 40 pst av foreldra med barn i skolepliktig alder visste lite om skolen generelt og om utdanningssystemet.

Når det gjaldt kontakten med skolen, viste det seg at i det siste året hadde:

- 69 pst vore på eit foreldremøte
- 66 pst vore på møte eller diskutert med læraren til barnet
- 18 pst vore på møte i heim-skoleforeininga
- 11 pst vore på det årlege møtet med styret på skolen

90 pst av foreldra var einig i at dei burde bli oppmuntra til å bli meir involverte i opplæringa av sine egne barn. 53 pst sa dei ville hjelpe barna meir med opplæ-

ringa, men opplevde at dei ikkje visste nok til å greie det.

Utdanningsdepartementet meiner at det årlege foreldremøtet ikkje fungerer fordi foreldra kjenner seg som klientar overfor dei profesjonelle lærarane, fordi møta blir for formelle, og fordi mange foreldre ikkje vil involvere seg i skolen. Men undersøkingar viser og at foreldre som ikkje stiller opp på foreldremøta, meinte det var ei god ordning og at foreldra burde ha innverknad på korleis skolen vart driven.

Dei lokale heim-skoleforeiningane arbeider mykje med å samle inn pengar til skolane og skipe til ulike tilstellingar. Det er ikkje noko system for kontakt mellom foreldrerepresentantane i styret og andre foreldre med barn på skolen.

Det har mange stader vore problem med ansvarsdelinga mellom styret på skolen og rektor. Departementet har derfor satsa mykje på å lage retningslinjer. Styret har eit stort ansvar, og departementet har som mål at styret skal vere ein kritisk venn for rektor og skolen. Ei evaluering (Early 1996) viser at berre 13 pst av rektorane meinte styret fungerte slik. Det er store skilnader i oppfatninga mellom rektor og leiaren av styret i synet på korleis styret fungerer.

Det er generelt ikkje problem med å rekruttere medlemmer til styret. Men det er svært vanskeleg å få medlemmer frå fattige stork og frå etniske minoritetar. Departementet har derfor gjennomført kampanjar for å få ei breiare rekruttering til styret. Det same rekrutteringsproblemet har også foreldre-lærarorganisasjonen NCPTA. Det er svært få tillitsvalde frå etniske minoritetar, og dei blir rekna som ein organisasjon for dei kvite.

3.4.3 Skottland

I Skottland kan foreldra søkje om å få barnet inn på ein annan skole enn ein skole i den skolekrinsen dei høyrer til. På skolane er det eit styre med lite ansvar og få fullmakter, og med foreldra i fleirtal. Skottland har nasjonale retningslinjer for utdanning og legg stor vekt på kontroll, mellom anna gjennom HM Inspectors of Schools, jf. omtale i kap. 2.3.3.

Ei oppsummering frå HM Inspectors of Schools (Scottish Office, 1995) viser at foreldra stort sett er godt nøgde med skolen. Dei legg vekt på at det er ein god og venleg atmosfære på skolane, og det er eit godt samarbeid mellom den lokale foreldre-lærarorganisasjonen og styret på skolen, dersom dei har det. For-

eldra meiner at det mest negative ved skolane er manglande trafikksikring. Den same undersøkinga viser at foreldre-lærarorganisasjonen ikkje berre arbeider med pengeinnsamling, men ofte assisterer i klasserommet – særleg i dei første skoleåra.

Styra vart første gong etablerte i 1989, og dei vart heile tida evaluerte fram til 1992 (MacBeath, McCaig og Thomson, 1992). Foreldrerepresentantane hadde generelt ei positiv holdning til arbeidet i styret. I ei seinare evaluering (MacBeath 1994) viser det seg at representantane i styret i større grad vart opptekne av å utvikle skolen og halde god kontakt med foreldra.

Rektor er sekretær for styret. I undersøkinga frå 1994 sa 41 pst at rektor hadde mest innverknad på styret, 36 pst svarte leiaren av styret og 7 pst andre foreldre.

Dei spurde og andre foreldre om dei kjende til arbeidet i styret. Jamvel om 90 pst var klar over at det var eit styre, visste 56 pst ikkje kva styret eigentleg gjorde. Nærare halvparten meinte likevel at styret gjorde ein god jobb.

3.4.4 Oppsummering

Både i Nederland, England og Skottland er det fritt skoleval, endå om ordninga er noko ulik i desse landa. Dette systemet stiller store krav til foreldra om å setje seg inn i aktuell informasjon. Røynslene frå England er at foreldre frå arbeidarklassen har problemer med å forstå den skriftlege informasjonen som kjem. Det er ikkje dokumentert at det frie skolevalet gjev foreldra meir innverknad i skolen.

Både i Nederland og i England har styra på skolane eit stort ansvar og store fullmakter. Det viser seg likevel at styremedlemmene meiner styret har avgrensa makt. Styret har i praksis liten innverknad på det som skjer i klasserommet. I alle land synest det å vere vanskeleg å få foreldre frå etniske minoritetar til å engasjere seg. Det er lite opplysningar om korleis foreldre med funksjonshemma barn er engasjerte i skolen og korleis samarbeidet mellom dei og skolen fungerer.

Det ser ut til å vere ein samanheng mellom ansvar til styret og interessa for å vere med i dette arbeidet. Men det ser ikkje ut til å vere grunnlag for å trekkje nokon generell konklusjon om at meir ansvar til styre, der foreldra er med, automatisk fører til større foreldreengasjement mellom folk flest eller til at foreldra får meir innverknad på det som skjer i klasserommet.

4 Viktige utviklingstrekk i samfunnet – konsekvensar for samarbeidet mellom heim og skole

Både for det einskilde mennesket og for heile samfunnet er utdanning og livslang læring nøkkelen til suksess. Grunnlaget og viljen til vidare læring og menneskeleg utvikling blir lagt i grunnskolen. Foreldra har ansvaret for sine eigne barn og har derfor rett til å påverke det som skjer i skolen. Det er godt dokumentert at interesse frå foreldra er svært viktig både for skolemotivasjonen for utbyttet av skolegangen og for det vidare skolevalet. For at skolen skal kunne gje ei opplæring tilpassa morgondagen må elevane gjerast meir ansvarlege for si eiga læring, og ein open dialog mellom heimen og skolen blir derfor viktigare enn nokon gong.

4.1 SKOLEN OG SAMFUNNSMANDATET

Einskapsskolen er ein skole som skal kunne omfatte alle. Skolen har eit mandat gjeve både av foreldra og av samfunnet. Samfunnsmandatet til skolen er gjeven i læreplanverket for den ti-årige grunnskolen.

Skolen er ein felles arbeids- og møteplass. Der kjem elevane saman, uavhengig av kvar dei bur, og uavhengig av sosial bakgrunn, kjønn, religion, etnisk tilhørsle eller funksjonsevne. I skolen må elevane lære seg å leve med kvarandre og utvikle seg saman med andre trass i slike skilnader. Dette daglege møtet på skolen er svært viktig for at elevane skal få innsikt, forståing og respekt for kvarandre.

Ytringsfridommen er svært sentral i det norske samfunnet. Ytringsfridommen kan berre overleve dersom folk får øving i å vere med og i å engasjere seg. Skolen har ei viktig rolle i å gjere elevane medvitne om dette, stimulere dei til å uttrykkje seg og til å grunngje meiningane sine. I Noreg legg vi stadig større vekt på at elevane sjølve skal ta ansvaret for si eiga læring og vere aktive i læringssituasjonen.

Elevane kan vere med i dei demokratiske institusjonane i skolen, som elevråd og samarbeidsutval, og dei kan på den måten få praktisk øving i demokrati. For at elevane skal oppleve dette som meningsfullt og bli stimulerte til vidare engasjement, må dei oppleve at dei verkeleg blir lytta til og har innverknad i dei organa dei er med i.

I dei demokratiske organa på skolen, til dømes samarbeidsutvalet, er også dei tilsette og foreldra med. Her møtest fleire demokratiske tradisjonar, brukerdemokratiet representert av elevane og foreldra, som ønskjer reell innverknad på det tilbodet skolen gjev, dei tilsette med rett til demokrati på sin eigen arbeidsplass og det politiske demokratiet. For alle deltakarane er det viktig at ein blir respektert og lytta til i avgjerdsprosessen, endå om ein har ulike interesser og syns-

punkt. Slik sett er samarbeidsutvalet for fleire grupper i skolesamfunnet ei prøve på demokratiet i praksis.

Skolen har ei svært viktig oppgåve i utvikle toleranse hos elevane, likeins respekt for andre menneske og øving i ytringsfridom og demokrati. Dette er eit samfunnsmandat som det framleis må leggjast vekt på.

4.2 FORELDREROLLA I OPPLÆRINGA

I ei mengd studiar har involvering frå foreldra, deira interesse for skolearbeidet og deira ønske på vegner av sine eigne barn vist seg å vere svært viktig for opplæringa.

Ei større norsk undersøking (Ung i Norge), Program for ungdomsforskning, finansiert av Norsk forskingsråd/Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd, omfattar 12 287 elevar i ungdomssteget på 67 skolar og ulike tilhøve ved situasjonen deira. I ein spesialrapport for departementet om utdanningstilbod (Wichstrøm 1993) finn vi desse konklusjonane:

- Elevar på ungdomssteget opplever i svært stor grad at foreldra er interesserte i skolearbeidet, at dei oppmuntrar elevane, og at elevane får konkret hjelp med skolearbeidet heime. Berre eit lite mindretal opplever at dei ikkje får denne støtta heimafrå. Endå om ungdommen meiner at interessa til foreldra går noko ned gjennom ungdomssteget, er interessa framleis svært sterk i niande klasse.
- Støtte og hjelp frå foreldra er langt viktigare for skolemotivasjonen enn sosial klasse, eller om mor og far bur saman, utdanningsnivået til foreldra og dei intellektuelle interessene deira. Det gjeld i høve til lekselesing og for holdninga til skolen, og i endå sterkare grad i høve til regelbrot og skulking.
- Den interessa foreldra har for skolearbeidet, verkar direkte inn på planane om å gå vidare på ulike studieretningar i den vidaregåande opplæringa – uavhengig av den holdninga eleven sjølv har til skolen og uavhengig av karakternivået til eleven.
- Den sosiale klassen og utdanningsnivået til foreldra verkar inn på om ein elev vel allmennfaglege eller yrkesfaglege studieretningar i den vidaregåande opplæringa, men ikkje på styrken i motivasjon og utdanningsnivå.

Rapporten konkluderer med at foreldra er ein stor ressurs. Dei er positivt innstilte og er i stor grad avgjerande for skolemotivasjonen og skoletilpassinga hos eleven. Det blir stilt spørsmål ved om ikkje denne ressursen kan utnyttast endå betre.

I eit omfattande kanadisk forskingsprosjekt (Colemann og Collinge) har ein sett på korleis tilhøvet mel-

lom foreldra og skolen påverkar holdningane hos barna til skolen og til læring. Prosjektet dokumenterer at holdningane og handlingane til foreldra er «det skjulte leddet» mellom det elevane ventar seg, og kor tilfredse dei er med å gå på skolen. Det er igjen avgjerande for motivasjonen hos elevane for å lære. Ei positive interesse hos foreldra for læringa til barna har meir å seie for utbyttet av skolegangen enn noko anna. Prosjektet understrekar også at skolen ikkje kan erstatte det avgjerande sosiale livet i familien, men skolen og lærarane kan vere merksame på den innverknaden det sosiale livet har, og vere imøtekomande overfor medverknad og samarbeid frå foreldra.

I OECD-rapporten «Parents as partners in schooling» (OECD 1997) blir samarbeidet mellom heimen og skolen analysert i ni OECD-land. Rapporten konkluderer med at den mest positive tilnærmingsmåten i opplæringa er å konsentrere interessa om at foreldra må støtte barna, særleg i dei første skoleåra. Det blir sterkt tilrådd å utvikle samarbeidet («partnership») mellom skolen og foreldre på alle nivå.

Undersøkingar i Australia, England og USA viser at skolar der elevane greier seg bra, er karakteriserte av gode tilhøve mellom heimen og skolen (Brighouse and Tomlinson, 1991).

Staten Iowa i USA har laga ein rapport om foreldreengasjement i utdanninga («Parent Involvement in Education: A Resource for Parents, Educators and Communities»), der ein summerer opp ulike undersøkingar frå Epstein (1991 og 1992), Henderson (1987), Davies (1988) og Lontos (1992). Hovudkonklusjonen er at når foreldra samarbeider med skolen, er det ein fordel for alle. For eleven er det ein fordel fordi det mellom anna fører til:

- meir positive holdningar til skolen
- betre resultat i lesinga
- betre heimearbeid

For foreldra er det ein fordel fordi det fører til at dei:

- får idear frå skolen om korleis dei skal hjelpe barnet
- lærer meir om kva elevane lærer, og om korleis skolen fungerer
- støttar barna betre
- blir meir sikre på korleis dei skal hjelpe barna med å lære
- får eit meir positivt syn på lærarane

For lærarane og skolen er det ein fordel fordi det fører til at:

- lærarane får moralsk støtte til undervisninga
- foreldra ser meir positivt på lærarane
- lærarane ser på foreldra som meir hjelpsame
- resultatet blir betre for elevane
- foreldra støttar skolane

Den skotske pedagogen og forskaren, Alastair Macbeth, som har arbeidd svært mykje med samarbeidet

mellom heimen og skolen, seier at samarbeidet er viktig av fem grunnar (Macbeth 1989):

- Foreldra har etter lova ansvaret for utdanninga til sine egne barn.
- Mesteparten av opplæringa skjer utanfor skolen, spesielt heime. Skolen og heimen bør samarbeide, slik at ein kan utnytte heimelæringa som ein ressurs.
- Undersøkingar indikerer at læringa i familien påverkar effektiviteten i opplæringa på skolen på ein positiv måte.
- Læraren er ein agent for utdanningsstyresmaktene og skal undersøkje om foreldra gjennomfører sine plikter. På den måten blir læraren eit sikringsnett i utdanninga for elevar med foreldre som ikkje tek vare på barna sine.
- Det er demokratisk fornuftig at foreldra har innverknad på viktige tilhøve i skolen, men ikkje nødvendigvis avgjerdsmakt.

4.3 AUKA KOMPETANSEBEHOV OG AUKA OMSTILLINGSEVNE

Nasjonalrekneskapen viser ressursane til nasjonen og kva vi får ut av desse ressursane over ei viss tid. Den menneskelege kapitalen, kompetansen og arbeidskrafta i det norske folket omfattar heile 64 pst av dei nasjonale ressursane. Dei store oljeførekomstane som Noreg framleis har liggjande ubrukt i Nordsjøen, omfattar om lag 7 pst av den felles nasjonale formuen. Det gjev eit viktig perspektiv på kor viktig opplæringa er.

Samfunnet er i rask endring, og endringstakta ser ut til berre å auke. Informasjon og telekommunikasjon er i ferd med å gje oss ein ny industriell revolusjon. I kvitboka frå Europakommisjonen: «Undervisning og læring. På vei mot læringssamfunnet» (1996) heiter det mellom anna:

«Større investeringar i kunnskapsbasen vil være en forutsetning for å kunne holde følge med, og helst lede an, i utviklingen. Utdanning og læring vil være sentrale virkemidler for å sikre stabilitet og solidaritet, kjennemerker ved de europeiske demokratier.

Utdanning, evnen til å lære, vil være nøkkelen til suksess hva gjelder både stilling i arbeidslivet og personlig utvikling.»

Kunnskap og kompetanse er avgjerande både for utviklinga av samfunnet og for utviklinga av det enkelte mennesket. Eit hovudelement er styrking av grunnskolen som basis for livslang læring.

Den 10-årige grunnskolen og det nye læreplanverket byggjer på at opplæringa skal tilføre elevane holdningar og kunnskap som kan vare livet ut, og som samtidig legg fundamentet for den nye dugleiken som trengst når samfunnet endrar seg raskt. Opplæringa må stimulere både lysta, nyfikna og iveren etter å søkje ny kunnskap og ny dugleik i eit samfunn farga av kontinuerleg endring og utvikling. Omstilling og dermed kunnskapsfornying vert meir og meir den vanlege situasjonen for folk. Elevane må utvikle dugleik og personlege eigenskapar for å kunne meistre omstilling-

gar. Det krev evne til samarbeid og til sjølvdisiplin – og motivasjon for læring. Desse eigenskapane blir utvikla i dei mellommenneskelege tilhøva. På den måten får det sosiale livet på skolen, og skolen som sosial arena, større verdi.

I skolen må ein leggje vekt på å utvikle heile mennesket. Skolen må tilpasse seg behova i samfunnet og heile tida vere i første rekkje for å møte framtidige behov. Det kan ikkje skolen få til aleine. Eit nært samarbeid basert på gjensidig dialog med foreldra blir i dette perspektivet svært viktig.

4.4 ENDRINGAR I SAMFUNNET – STØRRE KRAV TIL SKOLEN

Det har skjedd store endringar i oppvekstvilkåra for barna dei siste 20–30 åra, som mellom anna stiller nye krav til skolen. Det ser vi til dømes ved at (kjelde Statistisk sentralbyrå):

- Familiestrukturen er endra. I 1970 opplevde om lag 3 500 barn under 18 år at foreldra vart skilde. Talet auka til 11 850 barn i 1980 og til 17 400 barn i 1994.
- Av alle familiar med barn under 18 år har den delen som bur aleine med mor, auka frå 3,5 pst i 1971 til 5,3 pst i 1995. Den delen som bur aleine med far, har derimot halde seg stabil og var 0,7 pst i 1995. Vi presiserer at denne statistikken ikkje fangar opp om mora eller faren eventuelt bur saman med ein annan mann eller ei anna kvinne.
- Delen av kvinner i arbeidslivet har auka, utan at fedrane i særleg grad har endra arbeidssituasjonen sin. Det har ført til at den samla arbeidstida for foreldra har auka kraftig. I 1995 var til dømes meir enn 80 pst av alle kvinner mellom 30 og 49 år yrkesaktive. I NOU 1995:26, Barneombud og barndom i Norge, blir det hevda at barna står meir sentralt i familien enn tidlegare. Denne utviklinga har likevel konsekvensar i høve til både omfanget av og kvaliteten på dei opplærings- og omsorgstilboda barna treng.
- Det er store endringar i mediebiletet. I 1995 kunne 90 pst av alle barn og unge sjå fleire fjernsynskanalar.
- Talet på dei som har personleg datamaskin heime, har auka frå 9 pst i 1985 til 39 pst i 1995. Om lag 60 pst av barn og unge hadde i 1995 tilgang til personleg datamaskin eller fjernsynsspel heime.
- Barna brukar stadig meir tid på skolen på grunn av den tiårige grunnskolen og fordi nesten all ungdom mellom 16 og 18 år går i den vidaregåande skolen.

Desse endringane stiller auka krav til skolen. I kontakten med heimen må skolen mellom anna vere merksam på og ta omsyn til dei særlege utfordringane som kan følgje når foreldra ikkje bur saman.

Endå om fleire barn opplever skilsmisse og endra

samlivsformer, er hovudbiletet framleis at barna bur saman med foreldra.

Noreg er på veg mot eit fleirkulturelt samfunn. Det stiller skolen overfor ein lang rekkje nye utfordringar, jf kapittel 7. I skoleåret 1996–1997 omfattar elevar frå språklege minoritetar 5,8 pst av det samla elevtalet i grunnskolen. Talet er meir enn tredobla dei siste ti åra. Talet varierer mykje frå fylke til fylke. I Oslo omfattar språklege minoritetar 27 pst av elevtalet. Om lag halvparten av innvandarane (definerte som personar busette i Noreg med to utanlandskfødde foreldre) bur i dei ti største kommunane. 45 pst av innvandarane frå land utanom Europa og Nord-Amerika bur i Oslo. I Oslo er innvandarane 14,7 pst av den samla folkemengda. Det er også store skilnader innanfor Oslo.

Det blir lagt stor vekt på integrering i samfunnet, til dømes integrering av psykisk utviklingshemma og av personar med psykiske problem i lokalsamfunna, og det blir lagt stor vekt på at vi skal ha ein grunnskole som skal gje undervisning til alle barn og unge. 30 000 elevar får i skoleåret 1996/1997 spesialundervisning etter einskildvedtak. Det omfattar 6,2 pst av elevtalet, men det blir bruka heile 21,9 pst av det totale elevtmetalet til spesialundervisning.

Utdanningsnivået til foreldra har auka vesentleg:

- I 1950 hadde 80 pst av dei fødande kvinnene berre grunnskolen. I 1990 er dette talet redusert til rundt 11 pst. Det var særleg i 1980-åra at utdanningsnivået til kvinnene auka mykje.
- For 97 pst av barna har minst ein forelder utdanning ut over grunnskolen.
- For 22 pst av barna har begge foreldra eit utdanningsnivå som er minst like høgt som utdanningsnivået til læraren.
- Utviklinga med eit høgare utdanningsnivå blant folk kjem til å auke også i framtida. Etter at Reform 94 er gjennomført, tek om lag 95 pst av all ungdom til i den vidaregåande skolen.

Sjølv om det har vore store endringar i samfunnsutviklinga, utgjør framleis familien – saman med skolen – ein viktig arena for formidling av kunnskap, sosial kompetanse og personleg utvikling.

Det er viktig at skolen arbeider med eigne holdningar omkring barna, slik at dei kan vere ei støtte som barn og foreldre kan rekne med.

Tidlegare var læraren ofte ein av dei få med høg utdanning i lokalsamfunnet. Det gav læraren ein særleg status og respekt mellom foreldra. I dag har stadig fleire foreldre eit høgt utdanningsnivå. Dermed blir foreldra meir likeverdige med læraren. Det er grunn til å rekne med at det samtidig fører det til at foreldra får ei større interesse for og stiller større krav til det som skjer i grunnskolen.

4.5 OPPSUMMERING

Både for det einskilde mennesket og for heile samfunnet er utdanning og evna til livslang læring nøkkelen

til suksess. I grunnskolen får eleven viktig basiskunnskap, og det blir lagt eit fundament for evna og viljen til vidare læring og menneskeleg utvikling.

Dugleik og personlege eigenskapar må utviklast for å kunne meistre omstilling. Mellommenneskelege tilhøve og det sosiale livet på skolen blir stadig viktigare. Skolen står overfor mange utfordringar på grunn av andre endringar i samfunnet, til dømes endringar i oppvekstvilkåra til barn, det fleirkulturelle samfunnet og integrering av alle grupper i lokalsamfunnet og dermed i grunnskolen.

Skolen har eit viktig samfunnsmandat slik det er gjeven i læreplanverket. Skolen skal utvikle toleranse, solidaritet og respekt for andre, stimulere elevane til å få fram og grunngje meiningane sine og vere med i dei demokratiske avgjerdsprosessane.

Forskinsarbeid frå grunnskolen i fleire land viser at foreldra har ei sterk interesse av skolegangen til sine egne barn, og at det er svært viktig både for skolemotivasjonen og for det vidare skolevalet.

Gjennom den 10-årige grunnskolen og det nye læ-

replanverket er det lagt til rette for at skolen skal kunne gje ei opplæring tilpassa morgondagen. For å få det til i praksis ute på skolane krevst eit aktivt engasjement frå skoleeigaren, skoleleiinga og dei tilsette. Men skolen kan i stadig mindre grad greie dette aleine. Aktive elevar som blir gjorde meir ansvarlege for si eiga læring, og eit ope og godt samarbeid med foreldra, der heimen og skolen gjensidig støttar kvarandre, er viktigare enn nokon gong.

Med det ansvaret foreldra har for sine egne barn og med den viktige rolla foreldra har i utviklinga til barnet, har foreldra rett til også å kunne påverke det som skjer i skolen. Der skal det vere eit samarbeid mellom to likeverdige partar, der begge er like viktige både for eleven og for det samfunnet eleven skal vekse inn i.

Departementet ser samarbeidet mellom heimen og skolen og ei styrking av foreldreengasjementet som viktig for å utvikle skolen vidare. Dette er nærmare omtalt i kapittel 6 og i kapittel 7.

5 Drøfting av foreldreansvaret i høve til skolen

Med det samfunnsansvaret skolen har, er det viktig at skolen høyrer inn under ei demokratisk samfunnsstyring, og at ingen av partane i skolesamfunnet til vanleg bør ha fleirtalet i dei styrande organa i skolen. Foreldra og skolen møtest med ulike utgangspunkt og føresetnader. Læraren er den profesjonelle pedagogen, og foreldra er dei som kjenner barnet sitt best. Det er i dette møtet, med ulike utgangspunkt og ståstader, at foreldra og skolen skal samarbeide til beste for barnet sjølv.

Det er slått fast både gjennom grunnskolelova og barnelova at foreldra har hovudansvaret for at barna deira får ei forsvarleg oppseding og utdanning. Skolen skal leggje til rette for at barn får ei fagleg og menneskeleg utvikling ut frå evnene og føresetnadene sine.

På den andre sida har samfunnet ei sjølvstendig interesse og eit ansvar for at barna får god allmennkunnskap, og for at dei utviklar seg til gagnlege og sjølvstendige menneske til nytte både for samfunnet og for seg sjølve. Det er allment akseptert at alle barn og foreldre må tilpasse seg visse samfunnsnormer og samfunnsreglar. Slik sett verkar foreldreansvaret innanfor nokre oppdregne samfunnsrammer. Samfunnet trekkjer opp rammevilkåra for skolen mellom anna gjennom lover, forskrifter og læreplanar. Der er dei samfunnsinteressene uttrykte som skolen må tilpasse seg og utvikle seg innanfor.

Skolen blir dermed ein møtestad i skjeringspunktet mellom samfunnsinteressene og dei private interessene knytte til barnet og til foreldra.

Skolen spelar også i større grad ei viktig rolle i høve til lokalsamfunnet. Det er mellom anna gjennom det nye læreplanverket lagt stor vekt på at skolen skal opne seg i høve til samfunnet rundt. Skolen bør vere eit senter for aktivitetar i lokalmiljøet, og samfunnet rundt bør trekkjast inn i opplæringa.

Ut frå det samfunnsansvaret skolen har, meiner departementet det er viktig at skolen framleis ligger under ei demokratisk samfunnsstyring. Kommunane bør derfor trekkje opp klare rammer for det ansvaret som blir delegert til skolane. Fordi opplæringa er eit ansvar fordelt mellom fleire partar, finn departementet det heller ikkje rett at ei gruppe, verken foreldre eller andre, til vanleg bør ha fleirtal aleine i dei styrande organa i skolen. Det at skolen er ein møtestad i skjeringspunktet mellom fleire interesser, bør også kome til uttrykk i korleis dei styrande organa er samansette, jf reglane i grunnskolelova om samansetjinga av samarbeidsutvalet.

Det er fleire stader i meldinga vist den verdien foreldra har både i høve til å støtte sine eigne barn og i høve til klasse- og skolemiljøet. Det er slik sett av interesse både for barnet og for samfunnet at ein får utløyst mest

mogeleg av dei ressursane og den krafta foreldra representerer overfor skolen. All røynsle viser at det får ein best til dersom foreldra får ei oppfatning av å bli tekne på alvor i skolesamfunnet, og at dei i dette samarbeidet blir møtte som likeverdige med andre grupper i skolen. Det vil seie at foreldra både må få innsikt og sjanse til reelt å påverke tilhøve som er viktige for barna deira, for klassen og for heile skolemiljøet.

Foreldra er opptekne av korleis barna trivst på skolen og av korleis dei utviklar seg i ein sosial samanheng. Foreldra er interesserte i kva som skjer i undervisninga, kva som blir teke opp, og korleis det blir gjort. Foreldra må få innsikt i og høve til å påverke dei tilhøva som er viktige i utviklinga av heile barnet, både fagleg og sosialt. Det gjeld ikkje minst i høve til barn med særskilde behov.

Lærarane har det faglege ansvaret for undervisninga. Dei har ein særleg kompetanse både fagleg og metodisk i høve til det som skjer i klassen. Ein profesjonell lærar er den som møter foreldra med tillit og respekt for den innsikta og det ansvaret foreldra har. Foreldre og lærarar møtest med ulikt utgangspunkt og ulike føresetnader. Læraren er den profesjonelle pedagogen, og foreldra er dei som kjenner barnet sitt best. Det er i dette møtet, med ulike utgangspunkt og ståstader, at skolen og foreldra skal samarbeide til beste for barnet sjølv. P.g.a. ulike ståstader og holdningar, er det ikkje unaturleg at det i dette møtet også kan oppstå konflikhtar. For å kunne løyse dei, må det vere ein dialog basert på gjensidig tillit og respekt.

Foreldra viser stor interesse for og stiller auka krav til skolen. Det er både forståeleg og rett at det skjer. Foreldra bryr seg om og er opptekne av korleis barna deira utviklar seg og trivst. Skolen har ansvaret for barna mange timar kvar dag. Mange opplever skolen som lukka, og det er vanskeleg å vite kva som konkret skjer i skolen og innanfor klasserommet. Departementet meiner det er ei viktig utfordring for mange skolar å opne klassen og skolen meir mot samfunnet rundt. Det førebyggjer og uvisse og uro hos foreldra.

Det viktigaste for foreldra er det som skjer med deira eigne barn. Det er derfor særleg nødvendig å få til eit godt samarbeid mellom foreldra og skolen om barna og om klassen.

Foreldra viser ei stadig større interesse for heile skolesamfunnet og for skolepolitikken. Det ser ein mellom anna av at det blir etablert stadig fleire kommunale foreldreutval. Det er viktig at foreldra, med sin ståstad og ansvar for barna sine, får høve til å få fram synspunkta sine og kan påverke rammevilkåra for oppvekstmiljøet. Det må skje innanfor ramma av dei ordinære demokratiske institusjonane.

6 Vidareutvikling av samarbeidet mellom heim og skole

6.1 GRUNNLAG FOR SAMARBEIDET

Analysar viser at det samanlikna med andre land er etablert eit godt system i Noreg for å få til samhandling og dialog mellom heimen og skolen. Mange stader fungerer dialogen svært godt, men mykje ser ut til å vere avhengig av holdningane til rektor. Departementet meiner det er særleg viktig å få til ein god dialog om den einskilde eleven og klassemiljøet. Skolen har ansvaret for å ta initiativ til å etablere dialogen, og skolen må vise at han ønskjer dette gjennom konkrete og praktiske handlingar.

I dette kapitlet kjem departementet med framlegg om korleis ein kan utvikle vidare samarbeidet mellom heimen og skolen. Det er lagt særleg vekt på tiltak som kan styrkje foreldreengasjementet og kommunikasjonen lærar-elev-foreldre, og med det sikre foreldra innverknad på ulike nivå i skolesamfunnet.

Omtalane og analysane frå ulike land viser at Noreg, samanlikna med andre land, har etablert gode rammer gjennom lover og forskrifter, for å få til eit godt samarbeid mellom heimen og skolen. Analysane viser at mange foreldre er nøgde med korleis samarbeidet fungerer. Analysane viser også at mykje ser ut til å vere avhengig av holdningane til rektor.

Det er dei seinare åra gjort mykje for å leggje til rette for eit betre samarbeid mellom heimen og skolen, til dømes gjennom det nye læreplanverket, informasjonsmateriell og utviklinga av elevvurdering, skolebasert vurdering og eit nasjonalt vurderingssystem. Dei analysane som er lagde til grunn for denne meldinga, viser at mange foreldre er nøgde med den informasjonen dei får frå skolen, og dei meiner at skolen lyttar til dei. Det er derfor viktig å ta vare på det som fungerer bra, og å utvikle vidare dei sidene ved samarbeidet som ikkje fungerer godt nok.

Framlegga byggjer på analysane i kapittel 3, på dei utfordringane samfunnet og skolen står overfor, jf. kapittel 4, og den prinsipielle avklaringa av foreldreansvaret i høve til skolen, omtalt i kapittel 5. Denne gjennomgangen gjev dette utgangspunktet og dette grunnlaget for dei tiltaka som departementet rår til:

- foreldra har ansvaret for at barna deira får ei forsvarleg oppseding og utdanning, og dei har derfor rett til å vere med og påverke det som skjer i skolen
- foreldra er vanlegvis dei viktigaste forbilda for barna fram til dei tek til på skolen
- foreldra er interesserte i situasjonen for barna sine på skolen, dei ønskjer å støtte barna aktivt og er slik sett ein ressurs for skolen
- for å styrkje oppvekstmiljøet og få god effekt av

opplæringa, er det svært viktig med aktiv støtte frå foreldra og ein god dialog mellom heimen og skolen

- samfunnsutviklinga har ført til at skolen får fleire oppgåver overfor alle elevar, som krev eit konstruktivt samarbeid med heimen
- også i skoleåra skjer mykje av opplæringa og utviklinga av barna utanom skolen, mellom anna i heimen

Framlegga vil også byggje på dette grunnlaget:

- skolen skal framleis høyre inn under ei demokratisk samfunnsstyring
- utviklinga skal skje innanfor rammene av det lovverket som gjeld, læreplanverket og annan overordna nasjonal politikk
- det pedagogiske ansvaret for opplæringa skal framleis liggje hos rektor og lærarane

Departementet legg vidare til grunn at eit konstruktivt samarbeid mellom lærarane og foreldra må byggje på aktiv medverknad frå elevane.

Det kan gjerast eit prinsipielt skilje mellom to ulike roller som foreldra har i høve til skolen (Macbeth og Ravn, 1994):

- Den *administrative* rolla, der foreldra er representerte i ulike samarbeids- og styrande organ, er med i dugnadsarbeid og gjennomfører andre tiltak for å betre økonomien på skolen. I denne rolla er det gjerne relativt få foreldre.
- *Utdanningsrolla*, som mellom anna blir praktisert gjennom direkte opplæring, gjennom å vere eit sosialt føredøme og gjennom å skape læresituasjonar. Denne rolla har alle foreldra, og i høve til utviklinga hos barnet er denne rolla den viktigaste.

Utdanningsrolla er ein kjernefunksjon både for foreldra og for skolen, og ho gjeld alle. Klassen er den sentrale eininga i undervisninga. Sosialt og fagleg er klassen for eleven ei svært viktig ramme for opplæringa. Departementet ser det derfor som særleg viktig å utvikle eit godt samarbeid mellom heimen og skolen og eit konstruktivt foreldreengasjement knytt til eleven og klassen. For å få det til er det også viktig med eit stabilt klassemiljø på barnesteget og grunnskolar i nærmiljøet.

Samarbeidet bør omfatte både innhaldet i skolen, undervisninga og det faglege og sosiale miljøet i klassen. Samarbeidet på skolenivå, kommunenivå og nasjonalt nivå kan gje viktige rammevilkår, vere motive- og støttande i dette arbeidet.

Den svenske forskaren Gunilla Fredrikson har

oppsummert forskinga si på samarbeidet mellom heimen og skolen, og seier det krev at pedagogane (Fredrikson, 1995):

- Må kunne grunngje det dei gjer overfor foreldra.
- Tek utgangspunktet for verksemda si i røynsle og interessene til eleven.
- Ser det som sentralt at foreldra og skolen har tryggleik for og kjennskap til kvarandre. I forlenginga av dette må ein halde fast på at tillit som basis i alt samarbeid tek utgangspunkt i opne tilhøve og i innsyn i korleis andre har det. Felles forståing av ein situasjon går ut frå opne tilhøve og innsyn.
- Må ha tru på eleven og foreldra.
- Må forstå at når foreldra er rekna som likeverdige, bør dei også ha reell innverknad.

For å tydeleggjere kva ein meiner med samarbeidet mellom heimen og skolen brukar departementet orda *samhandling og dialog* på klassenivå og skolenivå. Det krev at det både er gjensidig informasjon, tillit og likeverd mellom partane. Med det ønskjer ein å få fram at foreldra og skolen saman har eit ansvar, og at dei i fellesskap skal handle til beste for elevane.

Undersøkingar har vist at foreldreengasjementet har samanheng med rektor sine holdningar. Skolen, særleg ved rektor og klassestyrar, har ansvaret for å ta initiativ til samarbeidet skal komme i stand. Det avgjerande er kva skolane gjer i praksis. Gjennom konkrete handlingar må skolene vise at dei vil ha ein dialog med heimen.

Sjølv om rektor spelar ei avgjerande rolle, er det likevel læraren som står nærast eleven og foreldra i det daglege arbeidet. Det er derfor avgjerande kva rolle læraren, og særleg klassestyraren, har i dette samarbeidet. Departementet vil peike på at læraren må:

- vise respekt for eleven sin bakgrunn
- sjå foreldra som ein likeverdig part
- ha respekt for den innsikten og det ansvaret foreldra har

Ansvaret for å initiere og utvikle samhandlinga, samarbeidet og engasjementet kviler elles på fleire:

- Nasjonalt på Stortinget og regjeringa i utforminga av den nasjonale politikken, og på Kyrkje-, utdanning- og forskingsdepartementet gjennom dei overordna rammevilkåra og rettleiingane som blir gjevne. Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) er eit viktig rådgjevande organ for departementet og har eit sjølvstendig ansvar for å stimulere dialogen mellom heimen og skolen.
- Regionalt på dei statlege utdanningskontora i deira rettleiing og oppfølging av kommunane.
- På kommunen gjennom dei konkrete rammene, retningslinjene, rettleiingane og ressursane som blir gjevne til skolane.
- Skolane, særleg på rektor og klassestyraren, slik det er slått fast i grunnskolelova og i læreplanverket.

- Foreldra, som har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp utviklinga til barna sine i skolen.

Departementet understrekar også verdien av å betre samarbeidet med foreldre til barn og unge med særskilde behov og foreldre med framandspråkleg bakgrunn. Dette er omtala i kapittel 7.

6.2 TILRÅDINGAR FRÅ OECD

OECD har gjennomført ein analyse av samarbeidet mellom heimen og skolen i fleire land («Parents as partners in schooling, 1997»). På grunnlag av denne analysen gjev OECD tilrådingar til regjeringar som ønskjer maksimal positiv effekt av å involvere foreldra i skolen:

- Det må publiserast gode døme.
- Det må leggjast til rette for at vellukka utviklingsprosjekt kan førast vidare.
- Det må utviklast metodar for korleis ein kan lære av vellukka utviklingsprosjekt, slik at foreldre, elevar og lærarar over heile landet kan dra nytte av dei.
- Regjeringane må avklare kva dei eigentleg ønskjer å oppnå med samarbeidet. Å byggje opp eit godt samarbeid er ein langsiktig prosess, som krev planlegging og strategisk tenking.
- Målet bør vere å etablere ein felles politikk som sikrar at alle skolar byggjer opp sterke program for dialogen mellom heimen og skolen.
- Ein må ta omsyn til den politiske kulturen når ein byggjer opp dialogen.
- Dialog krev gjensidig respekt og godtaking av det den ein skilde kan føre inn i samarbeidet. Lærarar og foreldre bør i fellesskap lære korleis dei skal forhandle, takle skilnader og ulike syn, og forstå verdien av dei forventningane dei ulike partane har.
- Støtte frå rektor er avgjerande. Ein føresetnad for denne støtta er at rektorane sjølve ser kvifor samarbeidet med foreldra er viktig.
- Foreldreengasjement kan vere ein viktig og spennande politikk for å styrkje dei svake og for å utvikle lokalsamfunnet.
- Ein løyser ut nye ressursar når foreldra blir dregne inn i utdanninga.
- Ein må avklare kva foreldra ventar av skolen.

6.3 SAMHANDLING PÅ INDIVIDNIVÅ OG KLASSENIVÅ

Det blir tilrådd at ein utviklar dei eksisterande samhandlingsmønstra mellom heimen og skolen. Som ansvarlege for eigne barn må foreldra få informasjon og ha innverknad på det som skjer i skolen. Dialogen mellom foreldra og skolen er nødvendig for å få til eit godt klasse- og oppvekstmiljø.

Departementet vil sørgje for at det blir arbeid ut informasjons- og opplæringsmaterieil saman med

Boks 6.1 Foreldra er med i lærarteam

På Søndre Modum ungdomsskole er ein av klassekontaktane for kvart klassesteg koordinator. Ho kan vere med på møta i lærarteamet som er skipa til for kvart klassesteg. Koordinatoren har regelmessig kontakt med alle andre klassekontaktar på same klassesteg for å få synspunkt som er viktige overfor alle lærarar på det klassesteget. Dette tek så foreldrekoordinatoren opp på møtet i lærarteamet. På denne måten får foreldra og lærarane nær kontakt og kan ta opp saker av felles interesse.

Foreldreutvalet for grunnskolen. Kommunane blir oppmoda om å setje i gang utviklingsprosjekt der ein brukar ulike metodar i elevvurderinga og i arbeidet for å styrkje dialogen mellom heimen og skolen. Det bør bli satsa meir på forskning- og utviklingsarbeid.

Foreldre flest har stadig større innsikt i og stiller stadig større krav til skolen. Det er viktig å leggje til rette for best mogeleg dialog mellom heimen og skolen. Dialogen skal sikre gjensidig informasjon om tilhøve som er viktige for eleven og undervisninga. Dette skal ikkje rokka ved det pedagogiske og metodiske ansvaret til lærarane.

Departementet understrekar også verdien av dialogen mellom heimen og skolen for å skape eit positivt og trygt klasse- og skolemiljø, og for å hindre utvikling av vold og mobbing.

Foreldra er på mange måtar i ei «tidsklemme». Den perioden av livet når ein har barn i skolen, er ofte vanskeleg økonomisk, og mange foreldre arbeider mykje. Samtidig krevst det mykje oppfølging av barna, til dømes i høve til oppseding, skole og fritidsaktivitetar. Dialogen mellom heimen og skolen må ta omsyn til at tida til foreldra er avgrensa. Departementet meiner derfor det må leggjast særleg vekt på å utvikle eksisterande samhandlingsmønster, slik at dei kan bli kvalitativt betre.

Rektor og klassestyraren har etter grunnskolelova og læreplanverket eit særleg ansvar for den konkrete dialogen mellom heimen og skolen. Korleis dette fungerer i praksis er svært avhengig av dei holdningane den einskilte rektoren og læraren har.

Departementet meiner samhandlinga mellom heimen og skolen knytte til barnet og klassen kan utviklast vidare på følgjande måtar:

- Det skal leggjast vekt på god informasjon til foreldra. Departementet vil i samarbeid med Foreldreutvalet for grunnskolen sørge for at det blir utvikla informasjonsmateriell og at gode døme blir formidla til andre.

Det vil bli utvikle ein «Foreldreguide», som er ei kortfatta og oversiktleg samling av dei viktigaste lovene, forskriftene og liknande som gjeld foreldre.

I tillegg bør det utviklast informasjons- og rett-

leiingsmateriell for situasjonar som er særleg viktige for foreldra, til dømes om skolestart, om overgangen mellom skolenivå (frå barnehagen til grunnskolen, frå barnesteget til ungdomssteget og til den vidaregåande opplæringa) om rettane til barn, til dømes til spesialundervisning og om konfliktløsning.

Departementet oppmodar kommunane å følgje opp med konkret og relevant informasjon, og sørge for at det er rutinar på skole- og klassenivå for informasjon mellom heimen og skolen.

- Saman med klassestyraren har tillitsvalde foreldre eit særleg ansvar for å få til ein konstruktiv dialog og eit konstruktivt foreldreengasjement på klassenivå. I samarbeid med Foreldreutvalet for grunnskolen vil departementet arbeide ut opplæringsmateriell for felles opplæring av klassestyrarar og tillitsvalde foreldre.
- Skolane må leggje vekt på å få til ein god overgang mellom barnehagen og skolen. Førskoledagane og dei første foreldremøta er særleg viktige, fordi dei skapar holdningar og legg grunnlaget for om foreldra blir motiverte for å engasjere seg vidare.
- Systemet med elevvurdering opnar for å utvikle samhandlinga mellom læraren, eleven og foreldra. Det viktigaste formålet med elevvurderinga er å fremje læring og utvikling hos eleven. Her har alle tre partane i skolesamfunnet felles interesser. I § 9–1 i føresegna om vurdering, som vart sett i verk 1. oktober 1997, heiter det:

«Skolen skal halde god kontakt med foreldra. Klassestyraren skal minst to gonger i året ha ei planlagd og strukturert samtale med dei. Samtalen skal munne ut i ei oppsummering, mellom annan med sikte på å bli einige om kva det særskilt skal

Boks 6.2 Foreldrekontrakt på Hagebyen ungdomsskole i Harstad

Ein foreldrekontrakt er ein avtale mellom foreldra i ein klasse. Bakgrunnen var at mange barn og unge gjekk på byen fredag- og lørdagskvelden utan at foreldra visste kva som skjedde. Med kontrakten ønskte ein å førebyggje og hindre rusmisbruk blant ungdommen. Ein viktig sideeffekt var at foreldra skulle bli betre kjende med kvarandre. Det fører igjen til betre klassemiljø og generelt betre kontakt mellom heim og skole. Klassekontaktane fekk ansvaret for å presentere framlegg til kontrakt og motivere andre foreldre i klassen til ein slik kontrakt. Det set i gang diskusjonar i kvar heim og mellom foreldra i klassen. Med dette utvikla ein felles haldningar blant foreldra til når barna skulle vere heime om kvelden, til bruk av alkohol, og gjensidig informasjon dersom ein ser eit barn er rusa i fritida. Initiativtakar rektor Sonja Luther fekk foreldreprisen i 1996 for dette tiltaket.

Boks 6.3 Foreldremøte kvar måned med læraren som gjest

Dei 23 foreldrepara til 2. klasse ved Breidablikk skole på Ilseng har møtt til foreldremøte kvar måned. Læraren informerer om kva klassen har gjort sidan siste møte og kva dei skal gjere i den næraste tida. T.d. viser dei video, slik at foreldra kan sjå korleis ungane arbeider på skolen. Da kan dei også lettare vere med på å diskutere det som skal skje framover. Møte kvar måned meiner både foreldra og læraren er viktig for at både lærar og foreldra skal bli betre kjende med kvarandre. Da tør alle ta opp saker dei lurar på, og alle føler samarbeidet blir meir reelt. Det er nesten 100 prosent oppmøte frå foreldra på kvart møte.

leggjast vekt på i det vidare arbeidet. Eleven bør vere med i desse samtalar; etter fylte 12 år har eleven rett til å vere med.»

Det ligg eit særleg godt grunnlag for å utvikle dialogen mellom heimen og skolen i vurderinga utan karakter, som skal gjennomførast på alle klasseteg i grunnskolen minst to gonger i året. Departementet understrekar verdien av å setje av nok tid til samtalen.

- Kommunane blir oppmoda til å gjennomføre utviklingsprosjekt der ein brukar ulike metodar i elevvurderinga. Departementet vil hjelpe til med å formidle røynsler til andre kommunar. I tillegg til dei metodane som er omtala i St meld nr 47 (1995–96) Om elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonalt vurderingssystem, er det særleg interessant å prøve ut *heim-skoleavtalar* der forventningane og pliktene til både heimen og skolen er nedskrivne. Avtalen bør vere eit viktig grunnlaget for elevvurderinga.
- Kommunane bør prøve ut ulike metodar for å utvikle samarbeidet mellom heimen og skolen. Det kan til dømes vere å etablere samarbeidsgrupper med foreldre og tilsette for å finne og komme med framlegg til dei viktigaste forbettringsområda i skolen, etablere planleggingsgrupper som gjev innspel til og drøftar framlegg til undervisningsopplegg i klassane. Andre prosjekt kan vere forsøk med arbeidsutval av lærarar, elevar og foreldre som i fellesskap har ansvar for målformulering, for å utvikle planar, velje ut undervisningsinnhald, arbeidsmåtar og vurderingsformer og bruk av heimarbeid, eller andre måtar å organisere samarbeidet mellom foreldre, elevar og lærarar på.
- Saman med Foreldreutvalet for grunnskolen vil departementet ta initiativ til oppsummering og formidling av konkrete døme på korleis samhandlingsområde om eleven og klassen kan fungere.
- Kommunane blir tilrådd å vurdere bruk av spørjeundersøkingar til foreldra på aktuelle område. Det kan til dømes vere i klassen til bruk i planlegging

av undervisninga, på skolen i samband med den skolebaserte vurderinga eller til drøftingar av lokale prioriteringar, og i kommunen i samband med utforming av overordna skoleplanar og handlingsprogram.

- Det må takast omsyn til tilhøva for den samiske befolkninga. Innføring av det samiske læreplanverket vil bidra positivt til at samiske elevar lettare kan identifisere seg med skolen og lærestoffet. Skolane må ha språkleg og kulturell kompetanse til å ha dialog med dei samiske foreldra. Dette vil bli følgt opp gjennom etterutdanninga av lærarar og i Samisk utdanningsråd si rådgjeving og støtte til lærarane.
- I St meld nr 48 (1996–97) Om lærarutdanning er det i fleire samanhenger peika på at utdanninga må leggje vekt på samarbeidet mellom heim og skole. Dette vil bli følgt opp i arbeidet med rammeplanane.
- I følgje plan for kompetanseutvikling, skal foreldrene få informasjon om viktige sider ved det nye læreplanverket og kjennskap til viktige områder ved verksemda på skolen. Kommunene har ansvaret for at dette blir følgt opp overfor foreldra.
- Samarbeid mellom heim og skole skal inngå i kommunanes planar for kompetanseutvikling. Det bør både knytast til leiaropplæringa og etterutdanninga av lærarar, særleg klassestyrarar.
- Departementet vil legge til rette for forskings- og utviklingsarbeid omkring samhandling mellom heim og skole. Aktuelle tema er:
 - sjå nærare på skilnaden i foreldremedverknaden på barne- og ungdomssteget
 - vurdere vilkåra som skal til for at brukarane skal få innverknad på styringa av skolene, både knyta til den administrative og utdanningsmessige delen
 - systematisere utviklingsarbeid for å betre dialogen mellom heim og skole
 - vurdere korleis og kva for føresetnader som skal til for at foreldra kan ta del saman med elevane og lærarane i planlegginga av undervisninga
 - evaluere røynsler knyta til elevvurdering, skolebasert vurdering og andre utviklingsprosjekt

6.4 SAMHANDLING PÅ SKOLENIVÅ

Som ein del av det samla læringsmiljøet bør ein gjennomføre undersøkingar om dialogen mellom heimen og skolen. Kommunane bør arbeide for at samarbeidsutvala blir eit organ for ein god dialog. Gode døme vil bli samla inn og formidla vidare. Departementet framhevar den verdien skolen har for nærmiljøet.

Departementet legg til grunn at den lovgivinga som gjeld, må vere grunnlaget for å utvikle vidare samhandlinga mellom heimen og skolen på skolenivå. Departementet gjer ikkje framlegg om å endre samansetjinga av samarbeidsutvalet. Kommunen kan i til-

Boks 6.4 Døme på foreldreengasjement for å stoppe valdsproblem

På Bjølsen skole i Oslo var stoda i 1992 at stadig fleire elevar vart utsette for utpressing, trugslar og ran. Elevar vart stoppa på veg til skolen og kravd «bompengar». Problema hadde ikkje starta på skolen, men var til stades i bydelen og i nabolaga. Politiet fortel at dei blei kopla inn då nokre ungdommar likevel våga å seie i frå. Dei fekk vite om døme frå foreldra og frå skolen. Ein elev vart pressa for 8–9000 kroner. Han måtte tømme sparekontoane til familien og stele litt for å klare det.

Skoleåret 1992–93 auka valden. Politiet fortalde skolen kva dei visste og inviterte til foreldremøte. Foreldrerådets arbeidsutval begynte å mobilisere foreldra. På eit møte med 300 foreldre, lærarar og nokre politikarar vart ein samd om kva foreldra kunne gjere og kva dei ikkje kunne gjere. Dei samla seg om tre haldningar; Trygge kvardagen for barna, redde ungane som vert rekruttert til gjengane, samtidig som ein må innsjå at foreldra ikkje kan gjere noko med dei med størst problem. Det er ein sak for politiet og hjelpeapparatet.

Ei slik grensesetting var viktig. Foreldra hadde felles haldningar for å takle problema. Det var tett samarbeid mellom FAU, rektor og politiet, og eit nært samarbeid med PP-tenesta. Vidare organiserte foreldra såkalla ravning. Målet var å vere synlege og vandre rundt i ungdomsmiljøet på ettermiddagen og kvelden.

Med hjelp av samarbeidet og det sterke foreldreengasjementet klarte dei på Bjølsen skole å bli kvitt valdsproblemet.

legg velje å etablere eit driftsstyre på skolenivå. Kommunen avgjer sjølv medlemstalet i styret, men det skal ha minst to foreldre, og kva for ansvar og fullmakter ein vil delegere til styret. Det kan vere formålstenleg å etablere eit driftsstyre med eit klart definert ansvar og klare fullmakter for å få større engasjement frå alle partane i skolesamfunnet om styringa av skolen, jfr. kap. 5.

Fleire av punkta i kapittel 6.3 gjeld også utviklinga av samhandlinga på skolenivå. Departementet vil peike på behovet for å prøve ut nye samhandlingsformer på tvers av sektorane mellom foreldre, elevar og lærarar. Dette kan vere på område der elevane har felles interesser, på andre arenaer og i andre møteformer for å involvere ein større del av foreldra i dialogen med skolen. Det er viktig å få til gode og naturlege møteplassar mellom lærar-foreldre og elev.

I føresegna om vurdering § 9–9, som handlar om skolebasert vurdering heiter det:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplærin-

ga medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei einskilde læreplanane for fag.

Kommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.»

I St meld nr 47 (1995–96) Om elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonalt vurderingssystem, er det understreka at også foreldra og elevane skal vere med i den skolebaserte vurderinga i emne som særleg gjeld dei. Ut frå det felles ansvaret for opplæringa departementet har lagt til grunn i denne meldinga, er det naturleg at foreldra er aktivt med i arbeidet med kva for tema som skal vurderast, i val av metodar og i analysane av resultatane. Dette bør derfor takast opp i samarbeidsutvalet etter drøftingar i Foreldrerådets arbeidsutval (FAU).

Departementet vil understreke at den skolebaserte vurderinga er eit hjelpemiddel til å betre kvaliteten på undervisninga. Dialogen mellom heimen og skolen er viktig for å utvikle eit godt læringsmiljø. Det er derfor naturleg at undersøkingar om denne dialogen høyrer med i den skolebaserte vurderinga. Gjennom den skolebaserte vurderinga får også foreldra komme med sine synspunkt.

Departementet vil oppmode kommunane om å arbeide for å utvikle samarbeidsutvalet, slik at ein kan få ein god dialog mellom dei ulike partane i skolesamfunnet. Samarbeidsutvalet bør kunne diskutere tilhøve som både gjeld det sosiale miljøet i skolen, undervisninga, den rolla skolen har i nærmiljøet, tiltak for å vi-

Boks 6.5 Trygt og godt oppvekst- og nærmiljø på Vinne skole

Skolen hadde i lengre tid vore eit lokalt kultursenter. Dørene stod opne for bygdefolket på kveldstid. Det var tilsett eigen vaktmeister på kvelden, og både idrettslag, 4H og skolemusikken hadde lang tradisjon for å bruke skolen heilt fram til kl. 22.00 dei fire første dagane i veka. Men FAU ønska å gjere meir. Dei sette i gang ulike aktivitetar for å danne eller styrkje dei uformelle nettverka mellom barn, unge og vaksne utover det som skjer i det vanlege foreningslivet. Det vart sendt ut spørjeskjema til alle barn og vaksne for å kartleggje ressursane i nærmiljøet og kva barna var interessert i. Det er no ca. 20 grupper som driv ulike aktivitetar og ca. 30 leiarar som har ansvaret. Sjølv om målgruppa først var elevar på barnesteget, er og eldre ungdommar med. Arbeidet blir drive av ei styringsgruppe med bla. representantar for FAU, elevråd og rektor. Den einaste ekstra utgifta kommunen har fått med dette tiltaka er at ein kontormedarbeidar har fått noko tid til å koordinere det praktiske arbeidet. FAU og skolen samler heile bygda. Dette prosjektet vann Foreldreprisen i 1994.

dareutvikle samhandlinga mellom heimen og skolen osv.

Røynslene viser at samarbeidsutvalet kan fungere på denne måten dersom skoleleiinga gjev god informasjon og inviterer til dialog, slik at diskusjonane kan skje ut frå gjensidig respekt og forståing. Det er viktig at forventningane til dei ulike partane i samarbeidsutvalet er avklara på førehand

Det er også viktig at det er ein god dialog mellom alle foreldre, klassekontaktane, foreldrerepresentantane i FAU og samarbeidsutvalet.

Departementet vil ta initiativ til å systematisere gode røynslar frå arbeidet i samarbeidsutvalet, i FAU og for klassekontaktane.

I tillegg vil departementet særleg peike på den viktige rolla skolen har i lokalsamfunnet. Samarbeid med foreldra og med ulike foreiningar og lag i lokalsamfunnet er ein føresetnad for at skolen skal kunne fylle denne rolla.

6.5 SAMARBEID PÅ KOMMUNENIVÅET OG REGIONALT NIVÅ

Som regel vil både kommunane og foreldra vere tente med at ein får eit forum på kommunalt nivå for dialog om saker av felles interesse.

Etter kommunelova har kommunane stor fridom til sjølve å velje korleis dei vil organisere seg.

Departementet viser til det engasjementet og dei positive røynslene mange kommunar har med kommunale foreldreutval. Kommunane står fritt til å vurdere om dei vil ta initiativ til å etablere slike utval. Som regel vil både kommunane og foreldra vere tente med at ein har eit forum for dialog og samarbeid om saker av felles interesse.

Det er ei viktig utfordring for dei kommunale foreldreutvala at dei har eit heilskapleg perspektiv på arbeidet sitt. Dei skal sikre interessene til alle foreldre, og støtte det arbeidet foreldra gjer på skolen.

Kommunen har driftsansvaret for grunnskolen innanfor rammene av dei lovene og føresegnene som gjeld. Kommunen har derfor eit ansvar for å sjå til at samarbeidet mellom heimen og skolen fungerer i samsvar med grunnskolelova, læreplanverket og føresegna om vurdering.

I samarbeid med Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), bør det vurderast korleis ein på regionalt nivå kan leggje til rette for å utvikle foreldreengasjementet. Det kan t.d. skje gjennom at SU-kontoret har felles samlingar med representantar for dei kommunale foreldreutvala og tilsette i kommunane som arbeider med heim-skole samarbeidet. Det kan også vere aktuelt å vurdere samarbeid mellom fleire fylke for ei felles informasjons- og rådgevingsteneste for foreldra. Ein slik teneste bør eventuelt knytast til SU-kontoret.

6.6 SAMARBEID PÅ DET NASJONALE NIVÅET

Foreldra avgjer sjølve om dei vil skipe ein sjølvstendig nasjonal foreldreorganisasjon. Departementet finn det formålstenleg at Foreldreutvalet for grunnskolen blir ført vidare som eit rådgevinge organ for departementet, samtidig som utvalet kan støtte aktivt opp om det lokale foreldrearbeidet. Det blir tilrådd at departementet framleis oppnemner medlemmene i Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG), og at FUG med sekretariat blir organisert som eit eige forvaltningsorgan.

FUG er både eit rådgevinge organ for departementet og ei aktiv støtte for det lokale foreldrearbeidet, jf omtale i kap. 3.2.4. På den måten er FUG eit viktig element i det samla systemet for samhandling mellom heimen og skolen.

I samband med drøftinga av Innst S nr 96 (1996–97) Om elevvurdering, skolebasert vurdering og nasjonalt vurderingssystem vedtok Stortinget mellom anna:

«Stortinget ber regjeringa om å ta nødvendige steg for å gjere Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) til eit organ uavhengig av departementet og komme tilbake med konkret framlegg til oppnemningsmåtar og organisering i samband med statsbudsjettet for 1998.»

Departementet har i budsjettet for 1998 orientert om at dette spørsmålet blir vurdert i denne meldinga. Det er særleg to problemstillingar som er viktige i denne samanhengen:

- korleis FUG blir oppnemnt
- den organisatoriske plasseringa av sekretariatet til FUG

6.6.1 Oppnemning av FUG

Utvalet blir etter § 35 i grunnskolelova oppnemnt av departementet. Etter vedtektene bør alle som blir oppnemnde, ha barn i grunnskolen. Ein av representantane bør ha eit funksjonshemma barn, og ein representant bør ha framandspråkleg bakgrunn, slik at interessene deira kan bli særleg sikra. Dei to representantane har no også knytt til seg andre personar med særleg kjennskap til området og er eigne referansegrupper for FUG.

Departementet inviterer dei kommunale foreldreutvala, utdanningskontora og andre organisasjonar som arbeider med barn og unge, om å komme med framlegg til kandidatar. Det vidare arbeidet med oppnemninga har vore gjennomført i nært samarbeid med FUG.

I dei andre landa som er omtala her, er det vanleg med ein sjølvstendig foreldreorganisasjon med valde representantar. På den andre sida har ingen andre land eit statleg oppnemnt utval med slike funksjonar som FUG.

Tidlegare i meldinga er det vist til at det viktigaste for foreldra er den utdanningsmessige rolla, ikkje den administrative rolla, jf kap. 6.1. Ein foreldreorganisa-

sjon ved sida av det noverande systemet vil føre til at foreldra må bruke meir tid på dei administrative oppgåvene.

Forsøket med å byggje opp ein sjølvstendig foreldreorganisasjon i Noreg (Foreldre for skolen) viste at det var vanskeleg å få til. No har Voksne for barn (tidlegare Mental barnehjelp) teke over funksjonane til organisasjonen.

Departementet vil rå til at den lovgivinga som gjeld vert ført vidare, og at FUG framleis blir oppnemnt av departementet. Det bør vurderast om det skal leggjast opp til ein breiare prosess når det gjeld å kome med framlegg på kandidatar, til dømes at FAU på skollane kan komme med framlegg. Dette kan enkelt gjerast gjennom omtale i Foreldrekontakten, og eventuelt samordnast gjennom dei kommunale foreldreutvala.

6.6.2 Organisering av FUG med sekretariat

Sekretariatet er no organisert som ein del av departementet. Honorar og driftsutgifter for utvalet er samla på eigen post i budsjettet (kap. 0229, post 21). Lønnsutgiftene til sekretariatet og drift av kontora vert dekkja over budsjettet til departementet.

Denne organiseringa gjev FUG nærleik og høve til å kome inn tidleg i avgjerda på tema heim og skole. Det gir departementet innsikt i røynsler frå foreldra. I tillegg får FUG tilgang til kompetanse i departementet.

Organiseringa har den ulempe at FUG vert oppfatta som ein del av departementet. Postadresse og fysisk plassering kan også virke inn på oppfatninga. Det kan også stillast spørsmål ved om det er riktig at ein interesse er organisert direkte inn i departementet.

Departementet tilrår at sekretariatet til FUG organisatorisk vert skild frå departementet.

6.6.3 Alternative organisatoriske løysingar for FUG

Departementet meiner det er mest aktuelt å organisere FUG med sekretariatet på desse måtane:

- Som eige forvaltningsorgan. Utvalet får dermed ei meir sjølvstendig stilling. Departementet kan framleis instruere verksemda og gje dei fullmakter. Dei vil kunne få stor fridom t.d. ved disponering av egne inntekter og for tilsetjingar innanfor dei overordna rammene som departementet gjev. Dette er i samsvar med organiseringa av fleire andre råd og utval, t.d. dei som arbeider med likestilling og forbrukerspørsmål. Denne organiseringa gjer at FUG kan markere seg som eit sjølvstendig informasjons- og rådgjevingssorgan til foreldre med barn i grunnskolen. Tilsetjingshøvet for sekretariatet blir regulert av lov om statstenestemenn med føresegner.
- Som stifting i samsvar med stiftingslova av 23. mai 1980 nr. 11. Sekretariatet blir då eit reelt sjølv-eigande og sjølvstendig rettssubjekt. Det blir ikkje lagt inn under noka statleg styresmakt eller nokon statleg instruksjon, så nær som det som følgjer av lovgiving, vedtekter og vilkår for løyvingane. Departementet kan likevel oppnemne styret (utvalet), som er ansvarleg overfor departementet.

I begge tilfella kan utvalet ha stor sjølvstendig i høve til departementet.

Departementet rår til at utvalet blir organisert som eit eige forvaltningsorgan.

Departementet vil understreke verdien av at det framleis blir gode samhandlingsrutinar mellom departementet og FUG. Departementet vil bruke FUG som rådgjevande organ i alle saker som gjeld dialogen mellom heimen og skolen. Utvalet kan i tillegg ta sjølvstendige initiativ. Dermed kan FUG utvikle vidare den rolla dei har overfor foreldre. Det gjeld t.d. utarbeiding av informasjonsmateriell og rådgjeving til klassekontaktar og kommunale foreldreutval, og som ein stad alle foreldre kan kontakte for å ta opp spørsmål omkring heim og skole.

7 Vidareutvikling av samarbeidet med einskildgrupper

7.1 INNLEIING

Grunnskolen i Noreg skal vere ein skole for alle barn, og samhandlinga mellom heimen og skolen skal gjelde for alle foreldre som har barn i grunnskolen. For å få det til å fungere best mogeleg, må ein ta omsyn til den særlege situasjonen og til dei særlege behova somme grupper har. I dette kapitlet vurderer departementet derfor korleis ein kan utvikle vidare samhandlinga mellom foreldre som har barn med særskilde opplæringsbehov og skolen, og mellom minoritetsspråklege foreldre og skolen. Dette er eit *supplement* til dei generelle framlegga i kapittel 6.

7.2 SAMHANDLING MELLOM FORELDRE TIL BARN MED SÆRSKILDE BEHOV OG SKOLEN

Funksjonshemma skal få ta del i samfunnet på linje med andre, basert på føresetnadene til den einskilde. Skolen er ein møteplass for alle. Det er ei særleg utfordring å få dei funksjonshemma elevane sosialt inkludert i skolesamfunnet. Gjennom opplevingar i skolen kan funksjonshemma byggje opp ein kompetanse for å meistre kvardagen og få eit grunnlag for vidare vekst og utvikling. Dialogen mellom heimen og skolen er ein føresetnad for å få dette til.

Alle barn har rett til å få opplæring i samsvar med evnene og føresetnadene sine (§ 7.1 i grunnskolelova). I dette kapitlet ser vi på spørsmål som gjeld barn som har ulike behov for individuelt tilrettelagt opplæring. I denne gruppa finst til dømes barn med syns- og høyr-selsvanskar, fysiske og medisinske vanskar, språk- og talevanskar, generelle lærevanskar, psykososiale vanskar og lese- og skrivevanskar.

For barn som får spesialundervisning, blir det utarbeidd individuelle opplæringsplanar, med oppgjevne mål, innhald, arbeidsmåtar og organisering tilpassa den konkrete situasjonen deira. Planane skal stimulere utviklinga og læringa til elevane gjennom fagleg innleving, kreativ utfolding og sosial medverknad. Planane og opplegga må heile tida vurderast og justerast.

Foreldra til funksjonshemma barn har ofte ein spesielt krevjande situasjon i høve til barna sine. Den «tidsklemma» foreldre flest er i, kan vere endå sterkare for dei. Foreldra er ofte usikre og urolege i møtet med skolen. Både ut frå situasjonen til eleven og foreldra, og for at skolen skal kunne gje ei tilpassa opplæring, er det særleg viktig med eit tillitsfullt og nært samarbeid mellom heimen og skolen. Verdien av dette samarbeidet er også understreka i læreplanverket:

«For elevar med særskilde opplæringsbehov er

samarbeid med foreldra spesielt viktig for å finne fram til det som samla sett er det beste opplæringstilbodet, og for å få ei felles forståing av kva ein kan vente av elevane når det gjeld innsats og utvikling.»

Evalueringar gjennomførte av Møreforsking, attgjevne i kapittel 3.2, viser at mange foreldre ikkje opplever samarbeidet med skolen som godt nok og at mange foreldre ikkje har kontakt med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT).

Regjeringa legg vekt på at det skal vere mogeleg for dei funksjonshemma å medverke i samfunnet på linje med andre, basert på føresetnadene til den einskilde. Skolen er ein møteplass for alle. Her møtest funksjonshemma og funksjonsfriske, og i denne kontakten blir det skapt holdningar i begge grupper, holdningar som får sitt å seie for utdanning, arbeid og vidare fungering i samfunnet. Spesielt er det viktig at funksjonshemma gjennom sine opplevingar i skolen kan byggje opp ein kompetanse for å meistre kvardagen og få eit grunnlag for vidare vekst og utvikling. Det er ei særleg utfordring å få funksjonshemma sosialt inkludert i skolesamfunnet og å gje dei ei opplæring ut frå føresetnadene sine. Derfor må det medvite utnyttast og skapast situasjonar der dei kan få vere med, der det kan etablerast fellesskap, og der det kan utvikle seg eit positivt sjølvbilete. Departementet meiner ein god dialog mellom heimen og skolen er nødvendig for å nå desse måla.

I tillegg til dei generelle tiltaka som er lagde fram i kapittel 6, gjer departementet derfor framlegg om desse tiltaka for å få til ein god dialog mellom foreldra til funksjonshemma barn og skolen:

- Det første møtet med skolen er svært viktig for alle barn. For barn med behov for spesialundervisning er det ofte nødvendig med betre tid både for foreldra og for skolen til å førebu undervisninga. For å leggje eit best mogeleg grunnlag for reell samhandling mellom heimen og skolen og for å gje eleven det tilbodet han eller ho treng, rår departementet til at det kan etablerast kontakt mellom foreldra og skolen to år før barnet tek til på skolen. Kommunane må etablere formålstenlege rutinar, slik at tilrettelegginga blir følgd opp. Ein slik kontakt og ei slik førebuing kan til dømes arbeidast inn i den obligatoriske 4-årskontrollen eller i kontakt med barnehagen.
- Skolen skal ha eit nært samarbeid med foreldra når det blir utarbeidd individuelle opplæringsplanar. Departementet ser både arbeidet med å arbeide ut individuelle opplæringsplanar og den daglege oppfølginga og tilbagemeldinga om denne oppfølginga, som ein særleg viktig arena for å få til sam-

handlinga mellom foreldra og skolen. Departementet har derfor under arbeid ein rettleiar om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar, slik at både heimen og skolen skal bli betre kjende med rettane og pliktene sine.

- For å få samarbeidet mellom heimen og skolen til å fungere best mogeleg, er det viktig at skolen har innsikt i den særlege situasjonen til barna. Når heimen og skolen etablerer kontakt i god tid før barnet tek til på skolen, har skolen tid til å førebu særskilde tiltak, mellom anna etterutdanning av personalet.
- For at eleven skal kunne fungere best mogeleg i klassen, er det viktig at også medelevane og andre foreldre har nok innsikt i situasjonen til den funksjonshemma. Slik informasjon må bli gjeven i samråd med foreldra til barnet.
- Det er ikkje gjort undersøkingar om korleis foreldre til funksjonshemma barn engasjerer seg i skole-samfunnet, til dømes i høve til det vanlege foreldrerådsarbeidet eller som tillitsvalde. Endå om mange foreldre til funksjonshemma barn er i ein pressa situasjon når det gjeld tid, er det ønskjeleg å få kartlagt korleis dette fungerer i dag, og om det eventuelt er spesielle hindringar som gjer at dei ikkje engasjerer seg.
- Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) er eit viktig organ i arbeidet med å gje elevane ei tilpassa opplæring og til samarbeid med foreldra. Etter § 1–6 i føreseigna for grunnskolen skal PPT saman med andre rettleiingstenester i skolen hjelpe elevane, foreldra og personalet med å utvikle gode læringsvilkår for elevar som treng særleg hjelp. Departementet vil understreke kor viktig det er med god samhandling mellom PPT og foreldra.
- Utviklinga av dei spesialpedagogiske kompetansesentra blir vurdert i ei eiga stortingsmelding. Departementet vil understreke verdien av ein god dialog mellom kompetansesentra og foreldra.
- Etter føreseigna for grunnskolelova kan mellom anna foreldre til funksjonshemma elevar etablere egne undergrupper i foreldrerådet i tillegg til at dei på vanleg måte er medlemmer av foreldrerådet. Departementet vil rå til at ei slik organisering blir utprøvd både på skolenivå og på kommunenivå, der det er etablert kommunale foreldreutval. Departementet ser dette som ei formålstenleg ordning for å sikre dei særlege behova til desse gruppene av foreldre, samtidig som dei organisatorisk er integrerte i det ordinære systemet for samarbeid mellom heimen og skolen.

7.3 SAMHANDLING MELLOM FORELDRE FRÅ SPRÅKLEGE MINORITETAR OG SKOLEN

Foreldre frå språklege minoritetar kan vere ein positiv ressurs for skolen og oppvekstmiljøet. Det kan vere eit problem for desse foreldra å forstå korleis det norske

skolesystemet fungerer. Departementet vurderer korleis ein kan gje betre informasjon og skape ein betre dialog, slik at det også kan bli ei aktiv samhandling mellom foreldre frå språklege minoritetar og skolen.

Grunnskolen skal vere for alle, utan omsyn til bakgrunn og føresetnader. I Innst S nr 225 (1996–97) Om innvandring og det flerkulturelle Norge, jf. St meld nr 17 (1996–97), vart verdien av skoletilbodet understreka av fleire årsaker: Oppvekst og skolegang legg grunnlaget for medverknad i samfunnslivet og trygge levekår, skolen er ein arena der barn og foreldre med ulik bakgrunn møtest og der holdningar blir skapte, og skoletilbodet er avgjerande for at alle barn og unge skal ha like vilkår til vidare utdanning og arbeid. Det vart dessutan understreka at ein må styrkje kontakten mellom skolen og foreldra, og at det bør arbeidast vidare med å utvikle kontaktformer med foreldra, slik at dei kan bli aktive støttespelarar for skolegangen til barna.

Det kan vere eit problem for foreldre frå språklege minoritetar å forstå korleis det norske skolesystemet fungerer. Problemet kan bli forsterka av at den skriftlege informasjonen er omsett til språket deira ut frå norsk tenkjemåte, og ikkje tilpassa det særlege utgangspunktet til foreldra.

I tillegg til det som er vurdert i kapittel 6, gjer departementet framlegg om desse konkrete tiltaka overfor foreldre frå språklege minoritetar:

- Departementet vil oppmunde skolane om å bruke den ressursen foreldra representerer, på ein meir aktiv måte. Det bør vere eit stort potensiale i den kunnskapen, erfaringsbakgrunnen og kulturelle bakgrunnen som språklege minoritetar representerer.
- Departementet vil ta initiativ til å arbeide ut informasjon om viktige sider ved det norske skolesystemet for nokre store grupper språklege minoritetar. Det vil bli lagt vekt på å forklare kvifor skolen gjer det han gjer, og kvifor foreldra skal verte involvert. Det må skrivast i eit språk og i ei form som kan vere mest mogeleg lett å kjenne att ut frå den bakgrunnen foreldra har. Det er ønskjeleg også å prøve ut andre informasjonsmåtar enn skriftleg informasjon. I første omgang er målgruppa foreldre med barn som tek til på skolen.
- Skolane må leggje vekt på å få til ein god overgang mellom barnehagen og skolen. Det kan vere ønskjeleg å prøve ut ulike forsøk med førskoledagar, foreldremøte og nye, utradisjonelle møtestader mellom skolen og foreldra.
- Det er generelt eit problem både i Noreg og i andre land å få foreldre frå språklege minoritetar til å engasjere seg som tillitsvalde. I føreseigna til grunnskolelova er det opna for at det på skolane kan setjast ned undergrupper av foreldre frå språklege minoritetar under Foreldrerådets arbeidsutval (FAU). Det kan vere ein interessant veg å gå. Kommunane blir oppmoda om å gjennomføre ulike forsøk som

kan føre til at fleire foreldre frå språklege minoritetar blir tillitsvalde.

- Metodar for samarbeid med språklege minoritetar bør vurderast inn i etterutdanninga.
- Departementet vil understreke det ansvaret skolarne har for å få til eit godt samarbeid med heile foreldregruppa. Det er viktig at skolen er open for foreldra og for andre delar av nærmiljøet. Overfor alle foreldre, og kanskje spesielt foreldre frå språk-

lege minoritetar, er det viktig å vise kva som skjer i skolen og i klasserommet.

- Kommunane blir oppmoda om å setje i gang med ulike utviklingsprosjekt for å få til eit betre samarbeid mellom skolen og foreldre frå språklege minoritetar. Departementet vil leggje vekt på å få til prosjekt i kommunar som er i ulike situasjonar, frå å ha ein svært stor del frå språklege minoritetar til å ha berre nokre få språklege minoritetar i skolemiljøet.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegga i denne meldinga byggjer på den lovgjevinga som gjeld, og på at ein utviklar vidare dialogen mellom heimen og skolen på klassenivå, skolenivå, kommunenivå og nasjonalt nivå. Det blir mellom anna gjort framlegg om å betre informasjonen til foreldra. Departementet vil kunne gje økonomisk støtte til forskings- og utviklingsarbeid som kan bidra til å vidareutvikle samhandlinga mellom heim og skole. Det vil bli lagt til grunn at utgiftene kan dekkjast innanfor kapittel 228 post 21 Kvalitetsutvikling i grunnskolen.

Det blir tilrådd at FUG blir etablert som eit eige forvaltningsorgan. Departementet gjer framlegg om å skilje sekretariatet organisatorisk frå departementet. Honorar og driftsutgifter for utvalet vert no finansiert over kap. 229 post 21. For 1998 er det gjort framlegg om ei løyving på 2,15 mill. kroner. Lønnsutgiftene til dei som arbeider i sekretariatet (fire stillingar) og til drift av kontora, blir dekte over kap. 200 post 01.


Dersom Stortinget sluttar seg til framlegga i meldinga, vil det bli tilrådd å føre over pengar frå kap. 200 til kap. 229, slik at utgiftene til FUG blir dekte over dette kapitlet.

Departementet rår til at FUG eventuelt blir omorganisert frå 1. januar 1999. Den endelege løyvinga til FUG blir avklara i samband med budsjettet for 1999.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

t i l r å r:

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 19. desember 1997 Om foreldremedverknad i grunnskolen blir sendt Stortinget.



100

101

102

103

104

105

106

107

108

109

110

111

112

113

114

115

116

117

118

119

120

121

122

123

124

125

126

127

128

129

130

131

132

